

L

Norsk landbruksforskning

Norwegian Agricultural Research


Vol. 3 1989 Nr. 1

11 SEPT. 1989

NISK, BIBLIOTEKET



70266697



Norsk institutt for skogforskning
Biblioteket
P.B. 61 - 1432 ÅSNILM

Statens fagtjeneste for landbruket, Ås, Norge
Norwegian Agricultural Advisory Centre, Ås, Norway

NORSK LANDBRUKSFORSKING / NORWEGIAN AGRICULTURAL RESEARCH

Norsk landbruksforskning er en fortsettelse av Meldinger fra Norges landbrukshøgskole og Forskning og forsøk i landbruket og dekker et publiseringsbehov for norske forskningsresultater innenfor fagområdene: Akvakultur/*Aquaculture*, Husdyrbruk/*Animal Science*, Jordfag/*Soil Science*, Landbruksteknikk/*Agricultural Engineering and Technology*. Naturgrunnlag og miljø/*Natural Resources and Environment*, Næringsmiddelteknologi og hygiene/*Food Technology*, Plantedyrking jord- og hagebruk/*Crop Science*, Skogbruk/*Forestry*, Økonomi og samfunnsplanlegging/*Economics and Society Planning*,

Tidsskriftet har abstrakt, figur- og tabelltekster, overskrift samt nøkkelord på engelsk.

Articles published in the journal will always contain titles, abstracts, key words and figures and tables legends in English.

Ansvarlig redaktør/Managing Editor, Jan A. Breian

Fagredaktører/Subject Editors

Even Bratberg	Unni Dahl Grue	Atle Kvåle	Jon Stene
Rolf Enge	Knut Heie	Fridtjov Sannan	Steinar Tveitnes
Ketil Gravir	Arne Hermansen	Trygve Skjævdal	

Redaksjonsråd/Editorial Board

Sigmund Christensen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for maskinlære
Birger Halvorsen, Norsk institutt for skogforskning
Sigmund Huse, Norges landbrukshøgskole, Institutt for naturforvaltning
Ole Øivind Hvatum, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jordfag
Ådne Håland, Særheim forskingsstasjon
Åshild Krogdahl, Institutt for akvakulturforskning
Karl Alf Løken, Norges landbrukshøgskole, Institutt for bygningsteknikk
Toralf Matre, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag
Einar Myhr, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hydroteknikk
Kjell Bjarte Ringøy, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning
Ragnar Salte, Institutt for akvakulturforskning
Martin Sandvik, Norsk institutt for skogforskning
Hans Sevatdal, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jordskifte og arealplanlegging

Arne Oddvar Skjelvåg, Norges landbrukshøgskole, Institutt for plantekultur
Anders Skrede, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag
Grete Skrede, Norsk Institutt for næringsmiddelforskning
Kjell Steinsholt, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag
Arne H. Strand, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag
Hans Staaland, Norges landbrukshøgskole, Zoologisk Institutt
Asbjørn Svendsrud, Norges landbrukshøgskole, Institutt for skogøkonomi
Geir Tuttoren, Landbruksteknisk institutt
Odd Vangen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag
Sigbjørn Vestrheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hagebruk
Kåre Årsvoll, Statens plantevern

UTGIVER/PUBLISHER

Statens fagtjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*, Moerveien 12, 1430 Ås, *Norway*. Norsk landbruksforskning/*Norwegian Agricultural Research* (ISSN 0801-5333) blir utgitt med fire hefter pr. år som utgjør et volum. Hvert hefte skal være på ca. 100 sider. Abonnementsprisen er NOK 400,- pr. år. Eventuelle supplementer vil bli sendt gratis til abonnenter, men kan bestilles separat hos utgiveren.

KORRESPONDANSE/CORRESPONDENCE

All korrespondanse av redaksjonell eller forretningsmessig karakter skal sendes til Statens fagtjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*.

'HULDRA', EIN HERDIG SØTKIRSEBÆRSORT FOR SMÅHAGEBRUKET

'Huldra', a winter hardy sweet cherry cultivar for home gardens

JONAS YSTAAS & SIGBJØRN VESTRHEIM

Ullensvang forskingsstasjon, Lofthus, Noreg

Institutt for hagebruk, Norges landbrukshøgskole, Ås, Noreg

Ullensvang Research Station, Lofthus, Norway

Department of Horticulture, The Agricultural University of Norway, Ås, Norway

Ystaas, J. & Vestrheim 1989. 'Huldra', a winter hardy sweet cherry cultivar for home gardens. Norsk landbruksforskning 3:1-4. ISSN 0801-5333.

The 'Huldra' sweet cherry originates from a 1951-controlled cross, 'Erienne' x 'Allmän Gulröd' at the Swedish University of Agricultural Sciences, Division of Fruit Breeding - Balsgård. It was tested in Norway at Ullensvang Research Station and Department of Horticulture, The Agricultural University of Norway. 'Huldra' is a productive, medium-sized black sweet cherry of good quality ripening during the last week of July. The fruit is medium firm and has a slight tendency to cracking. The tree is winter hardier than other high quality sweet cherry cultivars. 'Huldra' is primarily recommended for home gardens in areas where winter damage may be a problem.

Key words: Sweet cherry, cultivar, winter hardiness.

Jonas Ystaas, Ullensvang Research Station, N-5774 Lofthus, Norway.

Treet

'HULDRA' er ein kryssing mellom 'Erienne' og 'Allmän Gulröd'. Kryssinga vart utført ved Sveriges Lantbruksuniversitet, Forsöksavdelningen för växtförädling av frukt och bär, Balsgård i 1951. Seleksjonen vart utprøvd under nemninga Balsgård 20406. I Noreg var seleksjonen med i sortsforsøk frå 1972 ved Ullensvang Forskingsstasjon og Institutt for hagebruk, Seksjon frukt og bær, ved Norges Landbrukshøgskole. Seleksjonen har også vore med i danske sortsforsøk (Vittrup Christensen 1983).

Treet har middels sterk vekst med opprettveksande greiner og ei middels tett krone (Fig. 1). Veksekraft hos frukttre kan ein få opplysningar om ved å måla stammeomkrinsen. For 12 år gamle tre på grunnstamme F 12/1 (middel for 8 tre av kvar sort) målt 25 cm over bakken var stammeomkrinsen: 'Huldra' 64 cm, 'Schmidt' 66 cm og 'Van' 62 cm. Desse målingane viser at 'Huldra' har middels sterk vekst. Treet er friskt, og i forsøka ved NLH har 'Huldra' vist seg å vere meir vinterhardig enn dei fleste andre søtkirsebærsortar. Etter store frostska-

Norsk institutt for skogforskning

Biblioteket

P.B. 61 - 1432 ÅS-NLH



Figur 1. Ni år gammalt tre av 'Huldra'.
Figure 1. Nine-year old tree of 'Huldra'.

dar i søtkirsebærfeltet i mars 1978, blei det gitt følgjande poeng for barksprekking (skala 0-9, der 0 er ingen skade):

'Huldra'	3.8
'Schmidt'	4.8
'Van'	5.8

Ved poeng over 5 er skaden så sterk at det er sannsynleg at treet vil døy i løpet av få år.

Frostskade i blomsterknoppene er vanleg årsak til avlingssvikt hos søtkirsebær på Austlandet. I åra 1977-1979 blei det registrert slik skade i søtkirsebærfelta ved NLH:

Sort	% skadde blomsterknoppar
'Huldra'	23
'Schmidt'	48
'Van'	62

Tala viser at også blomsterknoppene hos 'Huldra' toler meir frost enn hos vanlege søtkirsebærsortar. 'Schmidt' er elles blant dei sortane som har tolt vintrane tolleg bra ved NLH.

Det er først og fremst den relativt store frostherdigskapen hos 'Huldra' som gjer sorten interessant.

Avling og frukteigenskapar

Tabell 1 viser dato for dei 9 første av-

lingsåra frå eit sortsforsøk ved UF.

'Huldra' har eit avlingsnivå som ligg på høgd med veletablerte handelssortar. I forsøket ved UF bar 'Huldra' likevel ikkje så godt som 'Van', som både er sær produktiv og kjem tidleg i bering.

I forsøka ved NLH har 'Huldra' kome betre ut avlingsmessig, samanlikna med andre sortar. Tala nedanfor er frå perioden 1979-1982, frå eit felt som blei planta i 1972.

Sort	Avling kg/tre
'Huldra'	11,0
'Schmidt'	6,0
'Van'	4,0

At 'Huldra' hevdar seg så godt her, har tvillaust samanheng med at sorten normalt blir lite frostskaidd. Avlingsnivået var generelt lågt i den aktuelle perioden, noko som skuldast at søtkirsebæravlingane slo nesten heilt feil i to av åra som er med, 1980 og 1981.

Frukta er middels stor. Årleg middelvekt ved UF i perioden 1976-84 varierte frå 6,1 til 7,2 g, med 9 års middelverdi på 6,7 g. I forsøka ved NLH varierte fruktvekta hos 'Huldra' fra 4,2 til 7,4 g, med middelvekt 5,7 g pr frukt. I forsøka ved NLH har 'Huldra' i gjennomsnitt hatt 0,2 g høgare middelvekt pr frukt enn 'Schmidt'.

Frukta har avrunda hjarteform. Fruktfargen er mørkeraud med svak glans (Fig. 2). Safta er raudfarga. Fruktkjøtet er raudt med middels fast konsistens. Innhaldet av sukker er noko lågare enn hos andre sortar som mognar på same tid (tabell 1). Middelverdien for prosent oppløyst tørrstoff for åra 1976-84 ligg likevel over terskelverdien på 14,2 prosent som er føreslått for akseptabel kvalitet hos søtkirsebær (Vangdal 1980). Smaken er mykje god, aromatisk med god balanse mellom sukker og syre.

Fruktene er middels faste og toler handtering og transport bra. 'Huldra' toler noko regn utan å sprekkja. Tendensen til sprekkning er i fylgje danske

Tabell 1. Data for akkumulert avling for dei 9 første avlingsåra, gjennomsnittleg haustedato, fruktvekt og oppløyst tørrstoff saman med vurdering av fastleik og tendens til sprekking
 Table 1. Harvest date, accumulated yield, average fruit size and content of soluble solids in fruits obtained during the first 9 cropping years, and evaluation of fruit firmness and tendency to cracking

Sort	Hauste- dato	Avling kg/tre	Frukt vekt g Fruit size g	Oppløyst tørrstoff prosent Soluble solids percent	Fast- leik Fruit firm- ness	Tendens til sprekking Tendency to fruit cracking
Cultivar	Harvest date	Yield kg/tree				
'Huldra'	27. juli July	94	6,7	14,5	Medels Medium	Liten Slight
'Schmidt'	31. juli July	68	6,9	16,8	Fast Firm	Særs liten Very slight
'Van'	30. juli July	127	8,3	17,4	Fast Firm	Stor Great



Figur 2. 'Huldra' mognar siste veka i juli.
 Figure 2. Huldra' ripens during last week of July.

granskingar liten, med ein sprekingsindeks på 44 (Vittrup Christensen 1987). Dette er i godt samsvar med røynsler både ved UF og NLH.

'Huldra' mognar i siste veka av juli på same tid som 'Ulster' og 'Kristin' og nokre dagar tidlegare enn 'Van'.

Pollinering

'Huldra' er ikkje sjølvfertil og treng krysspollinering. Det er ikkje kjent kva sterilitetsgruppe 'Huldra' høyrer til. Pol-

lineringsforsøk ved NLH har vist at både 'Ulster', 'Sam', 'Sue' og 'Van' er brukbare som pollensortar for 'Huldra'. Som aktuelle pollensortar elles kan tilrådest 'Merton Glory', 'Vista' og 'Stella'.

Dyrkingsverdi

'Huldra' har mange verdifulle eigenskapar. Trea er friske og riktberande. Dei er også meir vinterherdige enn vanleg. Fruktene viser mindre tendens til sprekking i regn enn dei fleste søtkirsebærsortar. Fruktstorleiken og kvaliteten er god, men kan likevel ikkje heilt måla seg med sortar som 'Ulster' og 'Kristin' som mognar om lag på same tid. I Danmark vert 'Huldra' ikkje tilrådd som handelssort på grunn av for små frukter (Vittrup Christensen 1987). Sorten har difor størst verdi for småhagar der ein legg vekt på evna til å overleva kalde vintrar kombinert med god bereevne og god fruktkvalitet. 'Huldra' er også aktuell som handelssort i område der det er stor risiko for vinterskade.

LITTERATUR

Christensen, J. Vittrup 1983. Sorter af sødkirsebær. Statens Planteavlsforsøg. Meddelelse nr. 1754, 4 s.

Christensen, J. Vittrup 1987. En vurdering af 215 sødkirsebærsorters dyrkingsværdi. Stensiltrykk, Årslev, 52 s.

Vangdal, E. 1980. Threshold values of soluble solids in fruit determined for the fresh fruit market. *Acta Agriculturae Scandinavica* 30: 445-448.

EFFEKT AV FÔRSAMANSETNING PÅ STRØKVALITET HOS SLAKTEKYLLING

Effect of feed composition on the litter condition in broiler schick

OLAV HERSTAD & KJELL NORMANN LILLENG

Institutt for husdyrfag, Norges landbrukshøgskole, Ås, Norge

Lilleeng, Norske Felleskjøp, Oslo, Norge

Department of Animal Science, The Agricultural University of Norway, Ås, Norway

Norwegian Agricultural Purchasing and Marketing Cooperative, Oslo, Norway

Herstad, O., & Lilleng K. N. 1989. Effect of feed composition on the litter condition in broiler schick. *Norsk landbruksforskning* 3:5-13. ISSN 0801-5333.

Experiments on the relationship between feed factors and litter condition in broiler schick show that increasing the sodium content of the feed from 0.1% to 0.2 and 0.3% by adding salt to the diets, results in significant deterioration of the litter condition. Sodium bicarbonate as sodium source has a less devastating effect on the litter than salt, so both sodium and chloride are responsible for the reduced litter condition.

Magnesium (0.26%) and barley also appear to contribute to reduced litter condition. Warm pelleting as opposed to cold pelleting has no effect on litter score.

Key words: Broilers, litter, sodium, chloride, magnesium, barley, pelleting.

Olav Herstad, Department of Animal Science, The Agricultural University of Norway, P.Box 25, 1432 Ås-NLH, Norway

I slaktekyllingproduksjonen er strø-kvaliteten ein viktig faktor for eit godt resultat. Vått og kleime strø gir dårlege hygieniske forhold i huset, og både vekst, fôrutnytting, avgang og slakte-kvalitet kan bli påvirka i negativ retning.

Samansetning og innhald i fôret har mye å seie for strø-kvaliteten. Mais er kjent for å gi god strø-kvalitet, mens bygg og til dels havre kan gi dårleg strø. Det er særleg innhaldet av beta-glukan i kornet som virkar til at gjødsla blir våt og kleimen. Dårleg strø-kvalitet p.g.a. beta-glukan i fôrkornet kan i stor grad bli retta opp med å tilsette beta glukan-

ase til fôret (Hesselman et al. 1981). Også antibiotika i fôret virkar positivt på strø-kvaliteten (Lund 1987).

Gjennom ei prøvefôring i 1987 (Herstad og Mielnik 1988) vart det demonstrert at forsøksfôrblendingar basert på kveite, havre og bygg utan beta glukanase kunne gi betre strø-kvalitet enn kommersielle blendingar med mye mais. Kjemiske analyser av fôrblendingane tyda på at innhaldet av natrium (Na) og klor (Cl) og eventuelle andre mineralstoff kunne ha meir å seie for strø-kvaliteten enn kva kornslag som var brukt i fôret.

Forsøksresultata ga også grunn for å stille spørsmål ved om varmebehandlingen av føret under pelleteringsprosessen kunne virke inn på strøkvaliteten. Forsøksfôrblendingar som var pelletert på ei laboratoriepresse med moderat temperaturpåvirknad på føret ga betre strø enn kommersiell broilerpellets. For å få svar på desse spørsmåla vart det utført nye forsøk ved Institutt for husdyrfag og Samvirkekylling fra nyåret 1988.

MATERIAL OG METODAR

På grunnlag av resultatata fra 1987 vart forsøksspørsmåla konsentrert om effekten av natrium og klor i føret på strøkvaliteten. Men også pelletering av føret med laboratoriepresse (kald pelletering) og kommersiell presse (med stim) vart tatt med som forsøksfaktor. Fôr med 0,1 - 0,2 og 0,3 % natrium vart framstilt med å gi tilskott av salt eller natriumbikarbonat. Rammekrava til natrium i fôr til slaktekylling var på det tidspunkt 0,1 - 0,3 %. Innhaldet av natrium vart såleis halde innafor rammekrava. Det vart brukt både kommersielle fôrblendingar og spesielle forsøksblandingar. Forsøksblandingane vart blanda ved Felleskjøpet sitt anlegg i Larvik. Etter blanding vart noe av føret tappa som mjøl og sidan pelletert på laboratoriepresse ved Institutt for husdyrfag. Resten av føret vart pelletert på vanleg måte ved FK-Larvik. Ved pelleteringa ved NLH vart det tilsett vatn (3 %) til føret i staden for stim som blir brukt ved kommersielle kraftfôrfabrikkar.

Forsøksledd - NLH Treatment-NLH

I kyllinghuset vart det brukt 8 rom med 12 småbingar (ca. 1 m²) i kvart rom (96 grupper). Her var det 12 forsøksledd:

1. Fôr A utan salt, 0,10% Na pelletert med stim
Diet A without salt, 0,10% Na - steam pelleted
2. Fôr A utan salt, 0,10% Na kald pelletering
Diet A without salt, 0,10% Na - cold pelleted
3. Fôr B 0,25% salt, 0,20% Na pelletert med stim
Diet B 0,25% salt, 0,20% Na - steam pelleted

4. Fôr B 0,25% salt, 0,20% Na kald pelletering
Diet B 0,25% salt, 0,20% Na - cold pelleted
5. Fôr C 0,50% salt, 0,30% Na pelletert med stim
Diet C 0,50% salt, 0,30% Na - steam pelleted
6. Fôr C 0,50% salt, 0,30% Na kald pelletering
Diet C 0,50% salt, 0,30% Na - cold pelleted
7. Fôr D 0,70% na.bikarb., 0,30% Na pelletert med stim
Diet D 0,70% sodium bicarb. 0,30% Na - steam pelleted
8. Fôr D 0,70% na. bikarb., 0,30% Na kald pelletering
Diet D 0,70% sodium bicarb. 0,30% Na - cold pelleted
9. Kommersielt Broilerfôr 1/Broilerfôr 2, Blander I*
*Commercial Startfeed/Grower feed, Factory I**
10. Kommersielt Broilerfôr 2, Blander I
Commercial Grower feed, Factory I
11. Kommersielt Broilerfôr 1/Broilerfôr 2, Blander II
Commercial Startfeed/Grower feed, Factory II
12. Kommersielt Broilerfôr 2, Blander II
Commercial Grower feed, Factory II

* Broilerfôr 1 i 3 veker, deretter Broilerfôr 2.

* Startfeed in 3 weeks followed by grower feed

Forsøksledd - Samvirkekylling Treatment - Samvirkekylling

På Samvirkekylling var det brukt 24 bingar, kvar på 5,4 m². Her var det 6 forsøksledd:

1. Fôr A pelletert med stim
Diet A steam pelleted
2. Fôr B pelletert med stim
Diet B steam pelleted
3. Fôr B kald pelletering
Diet B cold pelleted
4. Fôr C pelletert med stim
Diet C steam pelleted
5. Fôr D pelletert med stim
Diet D steam pelleted
6. Kommersielt Broilerfôr 2 Blander I
Commercial Grower feed Factory I

Samansetning av føret

For samansetning av forsøksblandingane vart det gått ut fra resepten for ei blanding utan mais som hadde gitt godt resultat i tidlegare forsøk.

Samansetning av blandingane (A-D) er vist i tabell 1.

Dei kommersielle fôrblendingane inneheldt ifølge resept 2900 kcal (12.1 MJ) OE pr. kg. Innhaldet av totalprotein var berekna til 21,5 % i Broilerfôr 1 og 18,9 % i Broilerfôr 2. Fôrkomposisjonen var i % (Broilerfôr 1 - Broilerfôr 2): Silde-mjøl 7,5-3,5, Kjøttbeinmjøl 3-3,5, Soyamjøl 15,0-14,9, Maisgluten 2,8-2,4, Havregropp 18,0-18,0, Kveitegropp 20,0-

Tabell 1. Samansetning av forsøksblandingane
 Table 1. Composition of the experimental diets

		A	B	C	D
Sildemjøl <i>Herring meal</i>	%	6	6	6	6
Kjøttbeinmjøl	"	4	4	4	4
<i>Meat and bonemeal</i>					
Soyamjøl <i>Soybean meal</i>	"	17	17	17	17
Bygg <i>Barley</i>	"	24	23,75	23,50	23,30
Havre <i>Oats</i>	"	23	23	23	23
Kveite <i>Wheat</i>	"	20	20	20	20
Dest.feitt <i>Animal fat</i>	"	4	4	4	4
Kalksteinsmjøl	"	1,3	1,3	1,3	1,3
<i>Limestone meal</i>					
Monokalsiumfosfat	"	0,25	0,25	0,25	0,25
<i>Monocalcium phosphate</i>					
Salt <i>Salt</i>	"	-	0,25	0,50	-
Natriumbikarbonat	"	-	-	-	0,70
<i>Sodium bicarbonate</i>					
St mikromineralbl. sv/fj.	"	0,15	0,15	0,15	0,15
<i>Trace minerals</i>					
Vitaminkonsentrat	"	0,20	0,20	0,20	0,20
<i>Vitamins</i>					
Metionin <i>Methionine</i>	"	0,10	0,10	0,10	0,10
		100,00	100,00	100,00	100,00
Berekna innhald					
<i>Calculated content</i>					
Total protein, %		20,9	20,9	20,9	20,9
<i>Crude protein</i>					
OE/kg ME	kcal/kg(MJ)	2850(11,9)	2850(11,9)	2850(11,9)	2850(11,9)
Ca %		1,00	1,00	1,00	1,00
P %		0,68	0,68	0,68	0,68
Na %		0,10	0,20	0,30	0,30

Alle blandingane er tilsett 125 mg Amproklorid og 15 mg Avoparcin pr. kg.

All diets supplemented with 125 mg Amprol Chloride and 15 mg Avoparcin per kg.

17,8, Bygggrøpp 0-8,0, Maisgrøpp 15,7-14,0, Maisgrits 12,3-12,3 og Feitt 2,4-2,2.

Siste 4 dagar før slakting fikk kyllingane i alle forsøksledd Broilerfôr 3 (sluttfôr) fra FK-Østlandet.

Registrering av forsøksdata

På NLH vart 1500 kjønnsorterte kyllingar fra Samvirkekylling, klekka 19. januar fordelt med 15-16 stk. i kvar av småbingane den 20. januar. Det var gruppevis vekt- og førkontroll 10. februar (22. dag) og ved avslutning 1. mars etter 10 t faste (42. dag). I forsøksledd 9 og 11 vart det skifta fra Broilerfôr 1 til

Broilerfôr 2 ved førkontrollen den 10. februar.

I to rom (24 bingar) vart vassopp-taket hos kyllingane målt i 3 døgn under 4. og 5. veke. Før denne kontrollen vart leidningen til vasskaret i bingane kopla til måleglass som vart påfylt vatn 3-4 gonger pr. døgn. I bingane var det innlagt eit 10 cm tjukt lag av kutterflis som strø. Strøkvaliteten vart vurdert skjønnsmessig 22. dag og etter avslutning av forsøket. Det vart gitt karakterar for strøkvalitet *fra 1 for heilt tørt og porøst strø, til 5 for vått og kaka strø*. Personen som ga strøkarakterar, hadde

ikkje kjennskap til plassering av forsøksledd på bingane.

På Samvirkekylling vart forsøket sett i gang 9. februar med 1920 kjønnsorterte kyllingar - 40 høner og 40 hanar i kvar av dei 24 bingane. Kyllingane vart vegne gruppevis kvar veke fram til avslutning etter 35 dagar. Strøet vart vurdert skjønnsmessig på same måten som ved NLH.

Analyse av fôr

Vanleg fôranalyse av forsøksfôret vart utført ved Kjemisk analyselaboratorium, NLH. Dette laboratoriet analyserte også innhaldet av klor i fôret. Elles vart mineralanalysane utført ved Landbrukets analysesenter, Ås. Analyseresultata av fôret er gitt i tabell 2.

Analysane viser at vasstilsetninga til fôret før pelletering ved NLH har gitt seg utslag i lågare tørrstoffinnhald enn i fôret pelletert med stimtilsetning. Elles viser analysane godt samsvar med det berekna innhald av protein, størst avvik har Broilerfôr 1 fra Blander I med 19,2 % protein mot berekna 21,5 %. Denne förblandinga hadde etter analysen også eit forholdsvis høgt innhald av magnesium. Det er svært godt samsvar mellom berekna og analysert innhald av natrium i blandingane A-D.

RESULTAT

Forsøket ved NLH

Resultat for forsøket ved NLH er vist i tabell 3.

Veksten hos kyllingane var god i alle forsøksledd. Men ved 3 vekers alder var kyllingane i ledd 12 lettare enn dei andre. Dette er truleg eit resultat av det låge proteininnhaldet i Broilerfôr 2 som var brukt fra start. Ved avslutning av forsøket var det ingen sikre skilnader i vekt. Dei ulike nivåa med Na og Cl i fôret for ledd 1-8 påvirka såleis ikkje veksten. Fôrforbruket, kg fôr pr. kg tilvekst, ser ut til å vere høgare med fôr pelletert ved NLH enn med fôr pelletert ved

FK-Larvik. Dette kan forklarast ut fra skilnad i tørrstoffinnhald i fôret. Skilnad i energiinnhald mellom forsøksblandingane 1-8 og dei kommersielle blandingane 9 - 12 gjer seg også utslag i fôrforbruket pr. kg tilvekst. Målinga av vassopptaket hos kyllingane viser at sjøl med små saltmengder i fôret vil vassopptaket bli påvirka.

For Strøkvaliteten er det tydelege skilnader mellom forsøksledd. Det var dårlegare strø med aukande mengde salt i fôret (ledd 1 - 6). Ledd 7 og 8 med natriumbikarbonat som Na-kjelde i staden for salt, fekk betre poeng for strøkvalitet enn ledd 5 og 6 med same natriumnivå, men også natriumbikarbonat har virka negativt på strøkvaliteten.

Ei trinnvis regresjonsanalyse med poeng for strøkvalitet som uavhengig variabel og samansetning/innhald i fôr som avhengig variabel viste at i tillegg til natrium og klor bidrog også bygg og magnesium til redusert strøkvalitet.

Samanheng mellom fôrkomponenter og redusert strøkvalitet:

Relationship between feed factors and reduced litter condition:

Variabel	P-verdi
Natrium Na	0,0001
Klor Cl	0,0001
Bygg Barley	0,0001
Magnesium Mg	0,0076

Magnesium var ikkje tatt med som forsøksfaktor, men ifølge analysane av fôret var det mye magnesium i Broilerfôr 1 fra Blander II, og dette fôret ga også dårleg strøkvalitet.

Slaktekyllingar som går på vått og kaka strø, får ofte brystblemmer og dermed nedsatt slaktekvalitet. Kontroll på slakteriet viste likevel ingen samanheng mellom poeng for strøkvalitet og slakt med brystblemmer i dette forsøket.

Tabell 2. Kjemisk analyse av forsøksfôret
 Table 2. Chemical analysis of the experimental diets

	Bl. A		Bl. A		Bl. C		Bl. D		Broiler 1		Broiler 2		Broiler 1		Broiler 2	
	S*	K*	S*	K*	S*	K*	S*	K*	Start feed Blander I	Grower Blander I	Start feed Blander II	Grower Blander I	Start feed Blander II	Grower Blander II	Start feed Blander II	Grower Blander II
Tørrestoff DM	89,2	85,8	88,8	86,7	88,9	87,2	89,0	86,7	89,7	89,2	89,3	89,2	89,3	89,7	89,3	89,7
Aske Ash	5,1	4,9	5,4	5,4	5,7	5,5	5,5	5,6	5,7	5,1	5,8	5,1	5,8	5,7	5,8	5,4
Eterekstrakt Fat	6,4	4,7	6,5	6,0	6,4	5,4	6,5	5,9	6,1	5,3	5,9	5,3	5,9	6,1	5,9	5,4
Trevlar Fibre	4,2	3,9	4,2	3,9	4,0	3,9	4,3	4,0	3,3	3,0	2,5	3,0	2,5	3,3	2,5	2,9
Protein	20,4	19,9	20,8	20,6	20,8	21,2	21,1	20,8	21,9	19,3	19,2	19,3	19,2	21,9	18,9	18,9
Kalsium Ca	0,73	0,71	0,82	0,91	0,91	0,93	0,91	0,94	1,08	0,92	1,15	0,92	1,15	1,08	1,14	1,14
Fosfor P	0,54	0,52	0,58	0,62	0,61	0,62	0,58	0,57	0,67	0,62	0,59	0,62	0,59	0,67	0,55	0,55
Magnesium Mg	0,12	0,13	0,14	0,14	0,14	0,14	0,14	0,13	0,14	0,14	0,26	0,14	0,26	0,14	0,16	0,16
Kalium K	0,68	0,69	0,73	0,71	0,72	0,73	0,75	0,68	0,71	0,64	0,61	0,64	0,61	0,71	0,58	0,58
Natrium Na	0,12	0,11	0,18	0,18	0,29	0,29	0,31	0,31	0,32	0,23	0,25	0,23	0,25	0,32	0,23	0,23
Klor Cl	0,21	0,20	0,29	0,32	0,49	0,50	0,26	0,25	0,42	0,41	0,46	0,41	0,46	0,42	0,43	0,43
Mangan Mn	0,036	0,036	0,046	0,049	0,051	0,050	0,045	0,042	0,057	0,090	0,081	0,090	0,081	0,057	0,068	0,068
Sink Zn	0,053	0,058	0,055	0,063	0,065	0,062	0,063	0,055	0,075	0,092	0,091	0,092	0,091	0,075	0,088	0,088
Svovel S	0,25	0,22	0,28	0,27	0,28	0,30	0,37	0,36	0,33	0,29	0,34	0,29	0,34	0,33	0,29	0,29
Jern Fe	0,123	0,152	0,144	0,154	0,181	0,162	0,164	0,157	0,174	0,202	0,206	0,202	0,206	0,174	0,177	0,177

* S = Pelletert med stirm. Steam pelleted.

K = Kald pellettering. Cold pelleting.

Tabell 3. Resultat av forsøket ved NLH (120 kyllinger innsett pr. ledd)
 Table 3. Results of the experiment at NLH (120 chicks per treatment)

Forsøksledd*	Vekt Weight		Før pr. kg tilvekst, kg Feed per kg of gain		Avgang Mortality	Vassopptak Water intake	Strøppoeng Litter Score**		
	22. d g	41. d g	0-22 d	22-41 d			0-41 d	%	22. d
1. Bl. A	736ab	1773a	1,61bc	2,44abc	2,09abc	1,7	220	2,13e	1,75e
2. "	712ab	1722a	1,68a	2,50ab	2,16	8,0	201	2,19e	1,69e
3. Bl. B	750ab	1766a	1,57c	2,46abc	2,08abc	7,5	226	2,44de	2,13de
4. "	757a	1774a	1,57c	2,52a	2,12ab	2,5	219	2,88cde	2,50bed
5. Bl. C	771a	1760a	1,56c	2,42abc	2,05bc	5,0	241	3,94ab	3,44a
6. "	763a	1734a	1,58bc	2,53a	2,11ab	5,8	285	4,31a	3,69a
7. Bl. D	762a	1774a	1,54cd	2,43abc	2,05bc	6,7	230	3,44bc	2,05bcd
8. "	768a	1752a	1,58bc	2,51ab	2,11ab	1,7	236	3,75ab	2,80b
9. Broilerför 1/ Broilerför 2									
Blander I	747ab	1754a	1,49cd	2,38abc	2,00b	7,5	244	2,44de	2,50bed
10. Broilerför 2									
Blander I	735ab	1762a	1,57c	2,33c	2,03bc	2,5	233	2,88cde	2,06de
11. Broilerför 1/ Broilerför 2									
Blander II	738ab	1768a	1,56c	2,35bc	2,02bc	4,2	224	3,50abc	2,69bc
12. Broilerför 2 Blander II	686c	1722a	1,64ab	2,32c	2,05bc	2,5	252	3,13bcd	2,19cde

*English terms - see p. 2. ** Strøppoeng 1-5 med 1 som beste strøkkvalitet.

Litter Score 1-5 with 1 as best litter conditions.

*** g pr. døgn 4.-5. veke.

g per 24 h in 4th to 5th week.

Forsøket ved samvirkekylling

Resultat av forsøket ved Samvirkekylling er vist i tabell 4.

Også ved Samvirkekylling var det god vekst hos kyllingane og ingen sikre skilnader i vekt mellom forsøksledd verken ved 3 eller 5 veker. Det var heller ikkje sikre skilnader i forforbruk pr. kg tilvekst, og tendensane til skilnader mellom forsøksledd skuldast som ved NLH, forskjellige energiinnhald (ledd 6) og tørrstoffinnhald (ledd 3) i føret.

Strøkkvaliteten i bingane var karakterisert som bra til mindre bra med forholdsvis liten skilnad i strøpoeng mellom forsøksledd. Dette kan tilskrivas at det er golvvarme i huset, og at det var lite belegg i bingane. Men karakterane for strøet stadfestar likevel resultatata fra NLH med at auka innhald av natrium og klor i føret er uheldig for strøkkvaliteten.

DISKUSJON

Eit av spørsmåla som vart stilt i desse forsøka, var om varmepåvirkinga på føret under pelleteringsprosessen kan vere så sterk at den virkar på gjødelskonsistens og strøkkvalitet.

Ein slik effekt kan tenkast dersom naturlege enzym i korn blir øydelagt under oppvarminga (Herstad & McNab 1975). Resultata viser likevel at før pelletert på kommersiell presse og laboratoriepresse (kald pellertering) gir likeverdige resultat både med omsyn til vekst og strøkkvalitet.

Det er kjent at høgt innhald av salt i føret gir større vassopptak hos kyllingar og dermed våtare gjødels. Med desse forsøka er det klart at sjøl moderate mengder salt i føret kan øydelegge strøkkvaliteten. Analyse av forsøksresultata viser også at begge komponentane i salt: natrium og klor medvirka til å gi dårleg

Tabell 4. Resultat av forsøket ved Samvirkekylling
Table 4. Results of the experiment at Samvirkekylling

	Forsøksfør Experimental diets*					
	1 Bl. A Sim P	2 Bl. B Stim P	3 Bl. B Kald P	4 Bl. C Stim P	5 Bl. D Stim P	6 Broiler- før 2
Innsette kyllingar <i>No. of chicks</i>	320	320	320	320	320	320
Døde 0-5 veker <i>Deaths 0-5 weeks</i>	13	9	13	20	14	11
Vekt 21. dag, g <i>Weight at 21st day, g</i>	675 a	684 a	687 a	692 a	702 a	676 a
Vekt 35. dag, g <i>Weight at 35th day, g</i>	1408 a	1398 a	1386 a	1403 a	1395 a	1408 a
Før pr. kg tilv. 0-35 dager, kg <i>Feed/gain, 0-35 d., kg</i>	1,88 a	1,87 a	1,90 a	1,86 a	1,88 a	1,83 a
Slaktevekt, g <i>Dressing weight, g</i>	839 a	839 a	829 a	843 a	844 a	848 a
Slakt i standard, % <i>Down-graded carcasses</i>	9,5	5,8	5,5	4,1	2,6	9,5
Strøpoeng 21. dag <i>Litter score 21st day</i>	1,00 a	1,25 ab	1,25 ab	2,50 b	1,75 ab	1,25 ab
Strøpoeng 35. dag <i>Litter score 35th day</i>	1,50 a	2,00 a	1,75 a	2,25 a	2,25 a	1,50 a

* English terms p. 2

strøkkvalitet. Natriumbikarbonat som natriumkilde ga såleis betre strøkkvalitet enn same natriummengde gitt som salt. At natrium bikarbonat som natriumkilde gir betre strøkkvalitet enn salt, er også rapportert av Phelps (1987). Vogt (1971) fann derimot at fôr med 0,20% og 0,51% klor var utan betydning for vassinnhaldet i gjødsla. Vogt (1971) undersøkte også effekten av natrium og kalium. Begge desse stoffa (natrium fra 0,2% til 0,6% og kalium fra 0,90% - 1,58%) ga auka vassinnhald i gjødsla, og effekten var additiv. Normalt er naturlege fôrmiddel rike på kalium i forhold til behovet hos husdyr. Analyseverdiane for fôrblendingane i vårt forsøk varierte mellom 0,58% og 0,75% kalium. Med desse mengdene kunne det ikkje påvisast noen effekt på strøkkvaliteten.

Den trinnvise regresjonsanalysen av resultatane i desse forsøka viste at i tillegg til natrium og klor var det så mye magnesium (0,26%) i ei fôrblending at det virka negativt på strøkkvaliteten. At høgt magnesiuminnhald i fôr har ein slik effekt, er påpekt av Scott et al. 1976.

Rammekrava for natrium i standardfôrblendingar til fjørfe er nå redusert til mellom 0,10 og 0,20%. Dette er i samsvar med WPSA (1985) sine tilrådingar på 0,145% og 0,130% natrium i høvevis startfôr og vekstfôr for slaktekylling. For klor er tilrådinga fra WPSA 0,135 og 0,120% for dei to fôrtypane. For magnesium er rekommandasjonen fra WPSA 0,045% for broilerfôr. Dette er betydeleg mindre enn det som normalt fins i fôr utan at magnesium blir tilsett.

SAMANDRAG

Som ein oppfølging av tidlegare prøvefôring med kommersielle kraftfôrblendingar til slaktekylling er det utført forsøk ved Institutt for husdyrfag, NLH og ved Samvirkekylling i Våler for å undersøke samanhengen mellom innhald av natrium og klor i fôret og strøkkvaliteten hos kyllingane. Også fôrblendingar

pelletert med stimtilsetning (varm pelletering) på kommersiell kraftfôrbrikk og fôrblendingar pelletert på laboratoriepresse (kald pelletering) vart samanlikna med omsyn til strøkkvalitet. Strøkkvaliteten vart bedømt skjønnsmessig etter 3 vekers fôring og ved avslutning etter 5 - 6 veker.

Resultata viste at:

- Skilnaden i pelleteringsprosess hadde ingen ting å seie for strøkkvalitet eller tilvekst.
- Tilsetning av salt for å auke innhaldet av natrium i fôret fra 0,1 til 0,2 og 0,3% hadde tydeleg negativ verknad på strøkkvaliteten. Tilvekst og fôrforbruk var upåvirka.
- Fôrblendingar med 0,3% natrium og med natriumkarbonat som natriumkilde ga betre strøkkvalitet enn same natriummengde gitt som salt.
- Ei statistisk analyse viste at i tillegg til natrium og klor var også innhaldet av magnesium (0,26%) og bygg (24%) i fôret medverkande til å gi redusert strøkkvalitet.


LITTERATUR

- Herstad, O. & M. Mielnik, 1988. Verknad på strøkkvalitet i slaktekyllingproduksjonen. Aktuelt fra Statens fagteneste for landbruket nr. 1.: 183-188.
- Herstad, O. & J. M. McNab, 1975. The effect of heat treatment and enzyme supplementation on nutritive value of barley for broiler chicks. Br. Poult. Sci. 10: 1-8.
- Hesselman, K., K. Elwinger, M. Nilsson & S. Thomke, 1981. The effect of beta-glucanase supplementation, stage of ripeness, and storage treatment of barley in diets fed to broiler chickens. Poult. Sci. 6: 2664-2671.
- Lund, S. 1987. Effekt av antibiotika og enzymer til broiler. Norsk landbruksforskning 1: 65-73. ISSN 0801-6333.
- Phelps, A. 1987. Sodium bicarbonate improves broiler weight. Feedstuffs Minneap. 59 (34).

Scott, M. L., M. C. Nesheim & R. J. Young, 1976. Nutrition of the chicken. Third Ed. M. L. Scott & Scott Associates, Ithaca, New York: 555 pp.

Vogt., H. 1971. Einfluss des Natrium-, Kalium und Chlorgehaltes im Geflügelmastfutter auf die Kotkonsistenz. Arch. Geflügelk. 35: 151-155.

WPSA (1985). (Wold's Poultry Science Association) Mineral requirements for poultry - Mineral requirements for growing birds. Wold's Poultry Sci. J. 41 (3): 252-258.



INNHALD AV PLANTENÆRINGSSTOFF I PELSDYRGJØDSEL

The content of plant nutrient elements in manure from fur-bearing animals

STEINAR TVEITNES

Institutt for jordfag, Norges landbrukshøgskole, Ås, Noreg

Department of Soil Sciences, Agricultural University of Norway, Ås, Norway

Tveitnes, S. 1989. The content of plant nutrient elements in manure from fur-bearing animals. Norsk Landbruksforskning 3:15-19. ISSN 0801-5333.

The content of N, P and K of manure DM from fur-bearing animals is about 6% Kjeldahl-N, 3% NH₄-N, 4% P, and 1% K on an average of 19 samples. A positive correlation Kjeldahl-N x manure DM and P x manure DM has been found. Differences in the content of N, P and K in manure from different types of fur-bearing animals are insignificant.

Key words: fur-bearing animals, manure, nutrient elements.

Steinar Tveitnes, Department of Soil Sciences, Agricultural University of Norway, P.O. Box 28, N-1432 Ås-NLH, Norway

I somme distrikt utgjer pelsdyrgjødsla ein stor ressurs av plantenæringsstoff. Denne ressursen må utnyttast best mogeleg i planteproduksjonen. Gjer ein ikkje det, kan gjødsla utgjera ein stor ureiningsrisiko.

Kvaliteten av gjødsla vil variera med oppsamlingsmetode. I mange høve vil berre den tørraste delen av gjødsla verta teken vare på. Ein vanleg måte er at gjødsla fell ned på bakken under bura. Urin og spillvatn fra drikkekar vert drenert ifrå eller fordampar. I somme tilfelle kan regnvatn eller sigevatn vaska gjennom gjødsla. Det er elles ei viktig målsetjing å unngå dette.

Ein annan lagringsmåte er å ha tette gjødselrenner under bura. Når desse vert sikra godt nok mot overvatn og takvatn vil ein unngå tap av næringsstoff frå gjødsellagerplass til vassdrag.

I pelsdyrhallar og lukka skur vert gjødsla samla opp i eitt eige lagerrom, gjerne saman med tilfeldige mengder vatn.

Ein skal syna analyseresultat frå ialt 20 prøvar av gjødsel frå mink, sølvrev og blårev. Prøvane vart uttekne i 1987, og det er Norsk Pelsdyrslag som har utført prøvetakinga. Prøvane er analyserte ved Kjemisk Analyselaboratorium, Ås-NLH.

MATERIALE OG METODAR

Prøvane av minkgjødsel er dels tekne frå ein lukka pelsdyrhall og dels frå tradisjonelle anlegg.

Fire av prøvane er tekne frå ein lukka pelsdyrhall der den flytande delen

renn ned i eit gjødsellager. Lageret er bygd av betong, men er utan tak.

Ein prøve er teken frå tverrenna og inneheld 28% tørrstoff. Ein annan prøve, som er frå skraperen, inneheld noko vatn frå drikkevassanlegget, og tørrstoffprosenten er 12. Prøve nr. 3 er frå sjølve gjødsellageret i den lukka pelsdyrhallen. Lageret er bygd i betong og er utan tak. Prøven er oppblanda med mykje vatn, og inneheld difor berre 0,9% tørrstoff. Prøve nr. 4 er teken frå gjødsellageret i eit lukka tankanlegg, men med opne, tradisjonelle minkhus med gjødselrenner, skrapeanlegg og tverrenne som fører ut til gjødsellageret. Det er nytta om lag 60 kg halm pr. m³. Gjødsla er blanda opp med noko takvatn, og inneheld berre 9% tørrstoff.

Prøve nr. 5 er frå eit vanleg tradisjonelt anlegg for mink der urinen vert drenert bort. Tørrstoffinnhaldet er 34%. Prøve nr. 6 er frå eit tradisjonelt anlegg med gjødselrenne i betong. Gjødsla vert fjerna ein gong i veka og lagra ein annan stad. Prøven vart teken frå gjødselrenna. Det er nytta noko strø, om lag 60 kg pr. m³. Prøve nr. 7 og 8 er frå opne to-rekkers minkhus. Tørrstoffinnhaldet i gjødsla er 19% i middel for prøvane. Prøve nr. 9 er frå opne to-rekkers minkhus. Det er nytta strø. Tørrstoffprosenten i gjødsla er 21,2.

RESULTAT

I tabell 1 er vist maksimum, minimum og middelværdir for tørrstoffinnhald og kjemisk innhald i 8 av prøvane. Prøve nr. 3 med under 1% tørrstoff er ikkje teken med her, då den er så sterkt vassblanda.

To av prøvane av sølvrevgjødsel er henta under 2- og 4-rekkers opne hus. Innhaldet av tørrstoff er 45%. Ein av prøvane er frå eit to-rekkers opne hus. Gjødsla inneheld 25% tørrstoff. Den fjerde prøven er frå ein lukka hall og har eit innhald av tørrstoff på 49%. I tabell 2 er synt største og minste verdi, og midtetal for tørrstoff og ulike næringsstoff.

Av prøvane av gjødsel frå blårev er ein frå ein lukka hall, og har 40,5% tørrstoff. Ein annan prøve er frå eit 4-rekkers opne hus, medan dei andre 5 prøvane er frå 2-rekkers opne hus. Det vart ikkje nytta strø i desse anlegga.

Tabell 3 viser at fosforinnhaldet er om lag det same i gjødsel frå dei ulike pelsdyrslaga. Omrekna til gjødsel med 10% tørrstoff utgjer fosformengda 4 kg pr. tonn. Gjødsla er såleis fem gonger så fosforrik som storfe gjødsel, og liknar elles mykje på fjørefgjødsel med omsyn til fosforinnhald. Nitrogeninnhaldet er høgt, særleg i gjødsel frå mink og blårev. Gjødsla inneheld over 3 kg plantetilgjengeleg nitrogen i form av ammoniumnitrogen. Nitratnitrogen var det svært lite av. I høve til totalnitrogen er det

Tabell 1. Tørrstoff- og næringsstoffinnhald i minkgjødsel, prosent
Table 1. The content of DM and various nutrient elements in manure from mink. Percent of manure

	Tørrstoff DM	Total- N	NH ₄ -N	Total- P	K	Ca	Mg	Na	Cl
Maks. Max.	34,7	1,92	0,94	1,76	0,36	4,68	0,36	0,27	0,18
Min. Min.	9,2	0,19	0,12	0,27	0,04	0,70	0,06	0,03	0,04
Middel Mean	19,6	1,15	0,61	0,86	0,18	1,95	0,14	0,12	0,10

Tabell 2. Tørrstoff- og næringsstoffinnhald i sølv- og blårevgjødsl, prosent

Table 2. The content of DM and various nutrient elements in manure from silver fox and blue fox. Percent of manure

	Tørr- stoff DM	Total- N	NH ₄ -N P	Total-	K	Ca	Mg	Na	Cl
Sølvrev, 4 prøvar									
<i>Silver fox, 4 samples</i>									
Maks.	49,0	2,54	0,89	2,54	0,47	3,81	0,30	0,26	0,24
Max.									
Min.	24,7	1,28	0,47	0,86	0,21	1,21	0,15	0,11	0,09
Min.									
Middel	40,8	1,89	0,70	1,64	0,32	2,60	0,26	0,19	0,17
Mean									
Blårev, 7 prøvar									
<i>Blue fox, 7 samples</i>									
Maks.	40,5	1,98	1,05	1,66	0,57	3,14	0,21	0,23	0,25
Max.									
Min.	14,9	1,23	0,44	0,58	0,20	0,94	0,10	0,14	0,11
Min.									
Middel	23,3	1,10	0,72	0,96	0,36	1,71	0,15	0,19	0,12
Mean									

Tabell 3. Nitrogen, fosfor og kalium i prosent av tørrstoff av pelsdyrgjødsel

Table 3. Nitrogen, phosphorus and potassium in manure from furbearing animals. Percent of manure DM

Gjødsel frå Manure from	Tal prøvar No. of samples	Total-N	NH ₄ -N	P	K
Mink	8	5,87	3,11	4,39	0,92
<i>Mink</i>					
Sølvrev	4	4,63	1,72	4,02	0,78
<i>Silver fox</i>					
Blårev	7	6,74	3,09	4,12	1,55
<i>Blue fox</i>					

sølvrevgjødsla som inneheld minst ammoniumnitrogen. Kaliuminnhaldet er lågt i pelsdyrgjødsel samanlikna med t.d. storfe gjødsl med same tørrstoffprosent.

I tabell 4 er materialet inndelt i fire grupper etter tørrstoffinnhald.


Innhaldet av Kjeldahl-N, ammonium-N og kalium i prosent av gjødsl-tørrstoffet er høgast i prøvene med tørrstoffprosent i området 15,0 til 21,2. I gjødsl med høgare tørrstoffinnhald vert innhaldet av desse stoffa i prosent av gjødsl-tørrstoffet betydeleg redusert.

Fosforinnhaldet rekna i prosent av gjødsl-tørrstoffet syner derimot liten variasjon frå gjødsl med lågt til gjødsl med høgt innhald av tørrstoff.

Det er ein positiv og statistisk sikker samanheng mellom tørrstoffinnhald i gjødsla og innhald av totalnitrogen ($r = 0,74^{***}$). Derimot er det ikkje sikker korrelasjon mellom tørrstoffinnhald og innhald av ammoniumnitrogen. Det har truleg samanheng med at det er mest ammoniumnitrogen i urinfraksjonen, og mindre i fast gjødsl, der urinen i stor grad vert drenert bort. Samanhengen

Tabell 4. Innhold av Kjeldahl-N, NH₄-N, P og K i pelsdyrgjødsel med ulikt tørrstoffinnhold. Prosent av gjødseletørrstoffTable 4. The content of Kjeldahl-N, NH₄-N, P and K in manure with different DM percentage from fur-bearing animals

Tørrstoff % DM %	Var. Range	Tal prøvar No. of samples	Næringsstoffinnhold i % av tørrstoff			
			Nutrient content, % of manure DM			
Mean			Kjeldahl- N	NH ₄ -N	P	K
10,2	<15,0	5	6,47	3,82	4,41	1,18
18,3	15,0-21,2	5	8,03	4,75	3,66	2,13
25,6	21,3-30,0	5	6,02	2,38	4,41	1,02
42,8	>30,0	5	4,51	1,71	4,16	0,65

Næringsstoff %
Nutrient element %Figur 1. Samanhengen mellom tørrstoffinnhold og innhold av Kjeldahl-N, NH₄-N og P i pelsdyrgjødsel. 20 prøvar ialtFigure 1. The relationship between manure DM and the content of Kjeldahl-N, NH₄-N and P in the manure. Altogether 20 samples

mellom tørrstoffinnhold og fosforinnhold er svært god ($r=0,85^{***}$).

DISKUSJON

Tørrstoffinnholdet i pelsdyrgjødsel varierer bl.a. med mengda av strø og vatn som vert blanda med gjødsla.

Innhaldet av Kjeldahl-N er om lag 6 % av gjødseletørrstoffet i middel for alle prøvane, medan innhaldet av lett plante-tilgjengeleg N er i underkant av 3 %. I tidlegare norske analysar av gjødsl frå rev og mink (Rimeslåtten 1976) er det funne langt høgare innhald av nitrogen. Årsaka til denne skilnaden er truleg for ein stor del at den gjødsla ein no har analysert har lege ei tid, slik at det kan ha vorte eit stort ammoniakktap til lufta. Tala er elles litt lågare enn danske analysar viser (Statens Planteavlsvorsøg 1985).

Fosfor i husdyrgjødsel ligg føre i ei rekkje organiske og uorganiske sambindingar (Kaila 1949). Tilhøvet mellom organisk og uorganisk fosfor i gjødsla varierer m.a. med dyreslag og føring. I

Tabell 5. Korrelasjon mellom tørrstoffprosent i gjødsla og innhald av total-N ammonium-N og P. 20 prøvar i alt

Table 5. The correlation between manure DM and the content of Kjeldahl-N, NH₄-N and P. 20 samples altogether

	Total-N	NH ₄ -N	P
Tørrstoff % Manure DM %	$Y=0,60+0,332X$ $r=0,74^{***}$	$Y=0,47+0,076X$ $r=0,38NS$	$Y=0,01+0,414X$ $r=0,85^{***}$

pelsdyrgjødsel er fosforet hovudsakeleg i uorganisk form, som tertiært kalsiumfosfat (Sundstøl og Mroz 1988). Dette fosforet er elles lite tilgjengeleg for plantar (og alger). Fosforinnhaldet ein har funne her, vél 4 % fosfor av gjødseltørrstoff, samsvarar godt med dei danske analysane av gjødsel frå mink. Rimeslåttan (1976) fann litt høgare verdiar for minkgjødsel. Fosforinnhaldet i revegjødsel samsvarar elles godt med dei tala Rimeslåttan (1976) oppgjev.

Kaliuminnhaldet i gjødsel frå pelsdyr er lågt jamført med innhaldet i annan husdyrgjødsel. Høgast innhald fann ein i gjødsel frå blårev. Materialet er elles for lite til å seia sikkert om det er nokon skilnad mellom dei ulike pelsdyrslaga med omsyn til næringsstoffinnhald i gjødsla. Venteleg er det foringa som er avgjerande for gjødselkvaliteten.

SAMANDRAG

Analysar av 20 prøvar av pelsdyrgjødsel syner at det er stor variasjon i tørrstoffinnhald avhenging av lagringsmåten for

gjødsla. Bruk av strø, og ikkje minst innblanding av vatn påverkar tørrstoffprosenten i gjødsla mykje. Dette påverkar òg innhaldet av næringsstoff. Stigande tørrstoffinnhald aukar innhaldet av fosfor og totalnitrogen, medan samanhengen mellom tørrstoffinnhald og ammoniumnitrogen er meir usikker. Det er ikkje sikre skilnader mellom dei ulike pelsdyrgruppene med omsyn til gjødselkvalitet. I middel for alle prøvane utgjer Kjeldahl-N om lag 6%, NH₄-N 3 %, P 4 % and K 1% av gjødseltørrstoffet.

LITTERATUR

Kaila, A. 1949. Karjanlannan fosforista. Maatalous. Aikak 21, 67 - 82.

Rimeslåttan, H. 1976. Pers.com.

Sundstøl, F. og Z. Mroz 1988. Utskillelsen av nitrogen og fosfor i gjødsel og urin fra husdyr i Norge. Landbrukspolitikk og miljøforvaltning. Et forskningsprosjekt under NTN-programmet «Naturressurser og samfunn». SEFO. Rapport nr. 4. 33 s.

Statens Planteavlsvorsøg 1985. Husdyrgødning og dens anvendelse. Statens Forsøgsstation Askov. Beretning nr. S 1809. 135 s.



BRUK AV KNUST NIKKELSLAGG SOM ÅTE PÅ SNØ

Pulverized nickel slag as an aid in snow melting

GUNNAR GUTTORMSEN

Landvik forskingsstasjon, Grimstad, Norge
Landvik Research Station, Grimstad, Norway

Guttormsen, G. 1989. Pulverized nickel slag as an aid in snow melting. Norsk landbruksforskning 3: 21-23. ISSN 0801-5333.

The contaminative effect of using pulverized nickel slag as an aid in snow melting is investigated in a container experiment, with lettuce, white cabbage and oats as test plants. Treatment with quantities of 10 kg per m² considerably increases the mineral concentration of the plant material, particularly of nickel and chrome. Nickel slag as an aid in snow melting is therefore not recommended due to the risk of contamination.

Key words: contamination, nickel slag, nickel, chrome

Gunnar Guttormsen, Landvik Research Station, N-4890 Grimstad, Norway

Ved tidligproduksjon av grønnsaker under plast er tidspunktet for snøsmelting avgjørende for hvor tidlig en kan komme i gang med planting. I år med mye snø og mye sol på ettervinteren, vil et mørkt materiale strødd på snøen fremskynde tidspunktet for bar mark. Dette gir fordeler med hensyn til en tidlig start av kulturen og markedsføring av avling.

Knust nikkelslagg fra de nedlagte nikkellagene på Evje i Setesdal har vært vurdert som et mulig materiale til å fremskynde snøsmelting. Materialet inneholder imidlertid en del stoffer som

kan medføre forurensning i jord og i planter (tabell 1). Hensikten med den foreliggende undersøkelse var å klarlegge risikoen for en uheldig anriking når nikkelslagget ble brukt over flere år.

MATERIALE OG METODER

Undersøkelsen ble utført som karforsøk i veksthus i perioden 20. august - 20. oktober 1988. Hodesalat, hvitkål og havre ble brukt som testplanter. Forsøksperioden startet ved såing. Plantene ble dyr-

Tabell 1. Kjemisk sammensetning av anvendt nikkelslagg (Øgrey, 1988)
Table 1. Chemical composition of the nickel slag used in the experiment (Øgrey, 1988)

SiO ₂	Fe ₂ O ₃	Al ₂ O ₃	MgO	CaO	TiO ₂	Na, Cu, Ni	Co, Cr, Mn
30-50%	40-60%	3-8%	3-8%	1-5%	ca 1%	0,1-1%	0,01-0,1%

ket i veksttorv (Floralux), pH 5,5. Hver forsøksrute besto av ett pottebrett à 54 pletter med én (tre for havre) plante pr. potte. Det var tre gjentak for de ulike behandlinger, som fremgår av tabell 3, 200 gram pr. kvm representerer skjønnsmessig det en tilfører pr. år som åte på snø. Den største slaggtilførsel ble valgt for å klarlegge risikoen for forurensning ved flere års bruk. Ved høsting ble plantenes overjordiske organer tørket og malt gjennom sikt på 0,75 mm. Prøvene ble forasket ved 500 °C, deretter behandlet med HNO₃ /HCl. Bestemmelsene ble utført ved hjelp av atomabsorpsjonspektrofotometer og grafittovn eller ved ICP. De kjemiske analyser er utført av Landbrukets Analysesenter, Ås.

RESULTATER

Tabell 2 viser en tydelig ($P < 0,001$) vekstreduksjon ved største slaggtilførsel. Vekstreduksjonen med økende

Tabell 2. Virkning av tilsetning av nikkelslagg på vekst hos salat, hvitkål og havre dyrket i veksttorv (pH 5,5). Mg friskvekt pr. plante
Table 2. The effect of nickel slag on the growth of lettuce, white cabbage and oats grown in standard fertilized peat moss (pH 5,5). Mg FW per plant

Nikkelslagg/ Nickel slag	Hodesalat/ Lettuce	Hvitkål/ White cabbage	Havre/ Oats
Tilført pr. m ² / Supplied per m ²			
0	7 606	4 320	2 133
200 gram på overflaten/ on surface	8 559	3 881	2 285
200 gram innblandet/ mixed in	6 926	3 694	2 207
10 kg innblandet/ mixed in	3 158	2 728	1 625

slaggtilførsel var forskjellig for vekstene ($P < 0,001$). Den var størst for salat.

Det fremgår av tabell 3 at mens tilførsel av 200 gram nikkelslagg pr. kvm ga liten eller ingen økning i innhold, ble det en klar ($P < 0,01$ - $P < 0,001$) konsentrasjonsøkning for alle fem elementer ved største slaggtilførsel.

For de ulike elementer var konsentrasjonsøkningen minst for Cr, der nest følger Fe og Al, mens Co og særlig Ni viste høyt opptak i plantene ved største slaggtilsetning. Det var tydelig ($P < 0,001$) forskjell mellom vekstene med hensyn til opptak. Salat hadde betydelig større opptak enn hvitkål, som lå klart høyere enn havre ved største slaggtilførsel. Undersøkelsen gir ikke sikker informasjon om de tre vekstene selekterte forskjellig mellom elementene ved opptak.

DISKUSJON

Flere års bruk av nikkelslagg vil medføre en risiko for forurensning. I tyske undersøkelser (Fritz et al. 1977, Bergmann 1988) fant man følgende middeltall for henholdsvis salat og hvitkål: Al: 50-400 ppm, Co: 0.01 - 0,40 ppm, Cr: 1 ppm og < 1 ppm, Ni: 6 ppm. For 0 eller 200 gram slaggtilsetning samsvarer dette med resultatene for Al, Co og Cr ligger noe høyere, særlig for salat, Ni-innholdet ved 0 eller 200 gram tilsetning ligger lavere enn middeltallene fra de tyske undersøkelsene. I hovedtrekk er det imidlertid god overensstemmelse mellom de tyske middeltall og resultatene i tabell 3.

Veksthastigheten og lengde av vekstperioden vil påvirke plantenes opptak. Salat hadde størst veksthastighet og dermed også størst opptak av forurensende elementer. Forsøk utført på en annen årstid med bedre lysforhold ville sannsynligvis ha medført relativt større opptak hos hvitkål og havre. Det er også antatt at en lengre forsøksperiode frem mot salgsferdig produkt ville ha gitt et

Tabell 3. Virkning av tilsetning av nikkelslagg på innhold av tungmetaller og aluminium hos salat, hvitkål og havre dyrket i veksttorv (pH 5,5). PPM av tørrstoff
 Table 3. The effect of nickel slag on the content of heavy metals and of aluminium of lettuce, white cabbage and oats grown in standard fertilized peat moss (pH 5,5). PPM of DM

Nikkelslagg/ Nickel slag Tilført pr. m ² / Supplied per m ²	Hodesalata/Lettuce					Hvitkål/White cabbage					Havre/Oats				
	Fe	Al	Co	Cr	Ni	Fe	Al	Co	Cr	Ni	Fe	Al	Co	Cr	Ni
0	1387	143	3	3	4	309	15	<1	<1	<1	151	4	<1	<1	<1
200 gram på overflaten/ on surface	1393	128	5	2	5	543	21	1	<1	1	299	3	<1	<1	<1
200 gram innblandet/ mixed in	1527	113	5	1	5	310	7	<1	1	<1	398	7	1	<1	1
10 kg innblandet/ mixed in	11133	1036	53	8	68	656	29	7	1	39	200	3	4	<1	34

enda større innhold av forurensende elementer fra nikkelslagg.

Plantenes tilgang på Fe, Al, Co, Cr og Ni er pH-avhengig. Resultatene viser at ved pH 5,5, som er en normal pH i veksttorv, vil bruk av nikkelslagg forsyne plantene med disse elementene.

Krom har liten mobilitet i planter, og akkumuleres derfor helst i røtter (Patel et al. 1976). Analyse av hele planten inkludert røttene, ville derfor sannsynligvis ha gitt høyere Cr-innhold.

Vurdering av risikoen for eventuelle toksiske effekter faller utenfor rammen av denne diskusjon. Det er tilstrekkelig å konstatere at bruk av nikkelslagg som åte på snø kan føre til et opptak i planter utover det som er normalt eller ønskelig.

SAMMENDRAG

Forurensningseffekten ved bruk av knust nikkelslagg som åte på snø ble undersøkt med salat, hvitkål og bygg som

testplanter i karforsøk. Resultatene viser at med store slaggmengder (10 kg pr. kvm) ble det registrert et betydelig opptak i plantene. Opptaksøkningen i overjordiske plantedeler var størst for nikkell og krom. Bruk av nikkelslagg som åte på snø kan ikke tilrådes på grunn av forureningsrisikoen.


LITTERATUR

Bergmann, W. 1988. Ernährungsstörungen bei Kulturpflanzen. 2. utg. Gustav Fischer Verlag, Stuttgart, 762 s.

Fritz, P.D., M. Foroughi & F. Venter 1977. Schwermetallgehalte in einigen Gemüsearten. Landw. Forsch., Sonderh. 33: 335-343.

Patel, L.M. & R.T. Mueller 1976. Some effects of copper on growth and mineral element concentration in *Chrysanthemum*. J. Amer. Soc. Hort. Sci. 101: 553-556.

Øgrey, E. 1988. Kjemisk sammensetning av Star Grit. Datablad Øgrey Industrisand A/S, 26.06.88.



RAUDKLØVER, KVITKLØVER, LUSERNE OG KAUKASISK STREKBELG I BLANDING MED TIMOTEI OG I REINBESTAND

Red clover, white clover, lucerne and goat's rue in mixtures with timothy and in pure stands

TOR LUNNAN

Institutt for plantekultur, Norges landbrukshøgskole, Ås, Norge
Department of Crop Science, The Agricultural University of Ås, Norway

Lunnan, T. 1989. Red clover, white clover, lucerne and goat's rue in mixtures with timothy and in pure stands. *Norsk landbruksforskning* 3:25-39. ISSN 0801-5333.

Mixtures of forage legumes and timothy were grown at six sites in Norway. At Vollebekk and Apelsvoll in southeastern Norway, it has been found that lucerne mixtures yield 9.2, red clover and goat's rue mixtures 8.0, and white clover mixtures 6.8 tons DM ha⁻¹. Yields of red clover decrease rapidly with increasing age, while goat's rue endures well for 4 years. Fields in western and northern Norway are dominated by timothy and give high yield response to nitrogen fertilizer. At Tjøtta lucerne thrives just as well as red clover, and at Holt 'Bjursele' red clover is the only surviving legume.

The energy value of timothy is lower than that of clover in the 1st cut, and higher in the 2nd cut. Goat's rue has lowest energy value in the 1st cut, and lucerne in the 2nd. The protein content of the legumes is very high in both cuts.

Key words: Forage legumes, *Trifolium pratense*, *Trifolium repens*, *Medicago sativa*, *Galega orientalis*, nitrogen fertilization, yields, quality.

Tor Lunnan, Department of Crop Science, the Agricultural University of Norway, P. O. Box 41, N-1432 Ås-NLH, Norway

Bruken av belgvekstar i engdyrkinga har gått mykje tilbake i etterkrigstida. Årsakene er fleire, men aukande bruk av kunstgjødsel er ei av dei viktigaste. Med sterk nitrogengjødsling kan ein ta store avlingar av reint gras, og proteininnhaldet kan haldast oppe ved tidleg hausting. Raudkløver (*Trifolium pratense* L.) er den dominerande engbelgveksten hos oss. Han høver best til kort-

varig eng i omlaup. Overgangen frå eit blanda jordbruk til einseitig åkerbruk over flatbygdene på Austlandet og til einseitig fôrdyrking i andre delar av landet, har gjort raudkløveren mindre aktuell.

Eigenskapar som nitrogensamling, stor proteinproduksjon og høg fôrverdi, gjer belgvekstane stadig interessante. Dei fyller mindre og passerer raskare

gjennom vomma enn gras. Hos mjølkekyr gav surfôr av blandingseng med 30-40% raudkløver høgare fôropptak og meir mjølk enn surfôr av rein graseng når surfôret vart gitt etter appetitt. Ved avgrensa surfôrtildeling var det berre små skilnader mellom surfôrslaga (Randby 1988).

Raudkløveren er lite varig i enga og gir mest dei to første engåra. Store delar av engarealet i Noreg ligg lenger enn 3-4 år. Vil ein ha belgvekstar inn her, må andre artar enn raudkløver brukast. Alsikekløver (*Trifolium medium* L.) gir oftast mindre avling enn raudkløver og er heller ikkje meir varig. Luserne (*Medicago sativa* L.) er prøvd i mange forsøk på Austlandet med godt resultat. Kvitkløver (*Trifolium repens* L.) har fått aukande interesse i Storbritannia og Danmark. I Finland er kaukasisk strekbelg (*Galega orientalis* Lam.) prøvd med lovande resultat (Varis 1986). Denne arten er så vidt ein veit ikkje prøvd i Noreg sidan midt på 1800-talet (Moe 1852). Alle dei forholda som er nemnde ovanfor, gjorde ei jamsføring av belgvekstartar under norske dyrkingsvilkår påkravd.

MATERIALE OG METODAR

I åra 1984-1988 vart det gjort feltforsøk på seks stader med blandingar av belgvekstar og timotei (tab. 1). På Vollebekk og Særheim vart belgvekstane også

prøvd i reinbestand. Det var to felt på kvar stad med attlegg i 1984 og 1985. På Tjøtta og Vågønes vart det også sådd til i 1986, og på Holt berre i åra 1985 og 1986.

På Vågønes var alle attlegga med belgvekstar mislukka. Utviklinga av belgvekstar i såingsåret var svak, men best for kløverartane. Felta låg utsett til med lite snødekke, og vintrane i forsøksperioden var harde. Dei belgvekstane som greidde overvintringa best, var 'Bjursele' raudkløver og 'Peace' luserne. Belgvekstbestanden her vart vurdert til under 5% av avlinga, og felta vart ikkje forsøkshausta.

Timotei 'Bodin' er prøvd saman med to sortar av raudkløver, kvitkløver og luserne og med kaukasisk strekbelg (tab. 2). Det var tatt sikte på å bruke ein sort av nordleg og ein av sørleg opphav for kløver og luserne. Raudkløversortane var diploide.

'Denali' luserne vart brukt i 1984. I 1985 vart 'Denali' delvis bytt ut med 'Peace' på grunn av frømangel. Frø av strekbelg fekk vi frå Institutionen för växtodling ved Helsingfors Universitet, Finland.

Felta i Nord-Noreg hadde delvis andre artar. På Tjøtta vart i 1984 'Molstad' raudkløver og 'Sverre' luserne bytt ut med kvitsteinkløver (*Melilotus albus* Desr.) 'A syn. 1' og lækjesteinkløver (*Melilotus officinalis* Lam.) 'arctic circle ecotype' frå Agricultural and Forestry Exp. Station, Alaska. I tillegg var

Tabell 1. Forsøksstader med breiddegrad og jordart
Table 1. Location of the trials, latitude and soil type

Stad Location	Breiddegrad Latitude, °N	Jordart Soil type
Vollebekk, Ås	60	Moldhaldig lettleire. <i>Loam</i>
Apelsvoll, Østre Toten	61	Moldhaldig sandig lettleire. <i>Sandy loam</i>
Særheim, Klepp	59	Moldrik siltig sand. <i>Sandy loam</i>
Tjøtta, Alstahaug	66	Moldfattig kalkrik sand. <i>Sand</i>
Vågønes, Bodø	67	Moldhaldig sand. <i>Sand</i>
Holt, Tromsø	70	Moldhaldig siltig sand. <i>Sandy loam</i>

Tabell 2. Plantematerialet i forsøka
Table 2. Plant materials in the experiments

Plantemateriale <i>Plant materials</i>	Sort <i>Cultivar</i>	Eigar <i>Owner</i>
Timotei. <i>Timothy</i> <i>Phleum pratense</i> L.	Bodin	Lokal sort. <i>Local Norwegian cultivar</i>
Raudkløver. <i>Red clover</i> . <i>Trifolium pratense</i> L.	Molstad	Lokal sort. <i>Local Norwegian cultivar</i>
Raudkløver. <i>Red clover</i> .	Bjursele	Lokal sort. <i>Local Swedish cultivar</i> . Sveriges Fröodlareförbund.
Kvitkløver. <i>White clover</i> . <i>Trifolium repens</i> L.	Milkanova	Dansk Planteforædling A/S. Danmark. <i>Denmark</i>
Kvitkløver. <i>White clover</i> . Luserne. <i>Lucerne</i> . <i>Medicago sativa</i> L.	Undrom Sverre	Svalöf AB. Sverige. <i>Sweden</i> Svalöf AB. Sverige. <i>Sweden</i>
Luserne. <i>Lucerne</i> .	Denali	<i>Agricultural and Forestry Experiment at Station, Palmer, Alaska, USA</i>
Luserne. <i>Lucerne</i> . Kaukasisk strekbelg. <i>Goat's rue. Galega orientalis</i> Lam	Peace	<i>Agriculture Canada. Canada</i> Ikkje registrert. <i>Not certified</i>

det med eit reint grasledd med blanding av 1,5 kg 'Bodin' timotei og 1,0 kg 'Salten' engsvingel (*Festuca pratensis* Huds.) pr. daa. På Holt vart lusernesortane 'Denali' og 'Peace' prøvde, og raudkløver 'Molstad' vart bytt ut med rein 'Bodin' timotei (2,0 kg pr. daa).

I blandingane vart det brukt 1,5 kg av timotei, luserne og strekbelg og 0,5 kg av kløverartane, alt pr. dekar. I reinbestand vart det sådd 1,0 kg kløver, 2,0 kg luserne og 2,5 kg strekbelg pr. daa.

Luserne og strekbelg vart smitta med *Rhizobium*-bakteriar rett før såing. Såfrøet vart blanda og sådd ut sams med Øyjords forsøkssåmaskin på ruter med 10 rader i 13,3 cm avstand. Felta vart lagde att på våren utan dekkvekst. Avlinga i såingsåret vart ikkje forsøkshausta, og ugraset vart haldi nede ved slått eller sprøyting med bentazon (Basagran 480).

Forsøksplanen var faktoriell med nitrogengjødsling på store ruter og blandingar på småruter. Det vart brukt tre gjentak på Vollebekk og Apelsvoll og to gjentak elles. For belgvekstar i reinbestand var planen blokkforsøk med tre

gjentak på Vollebekk og to på Særheim. Det vart brukt to nitrogenmengder, 10 og 20 kg N pr. daa som kalksalpeter. Belgvekstar i reinbestand fekk ikkje nitrogen. På Holt vart N-mengdene reduserte til 6 og 12 kg. Med unntak for Holt vart nitrogenet fordelt med 60% om våren og 40% etter første-slåtten. Felta vart grunnjødsla med 2,6-4,9 kg P og 6,9-11,5 kg K pr. daa med PK-gjødsel. Nokre felt fekk fullgjødsel A (14-6-16) til lågaste nitrogenmengd og kalksalpeter utover dette. Alle felta var kalka til pH rundt 6,0. På Tjøtta låg feltet på kalkrik sandjord med pH 7,8.

Med unntak for Holt vart felta hausta to gonger i sesongen med første-slåtten tatt rundt ei veke etter skyting av timotei. Gjennomsnittlege haustedatoar var:

	1. slått	2. slått
Vollebekk	15/6	13/8
Apelsvoll	24/6	2/9
Særheim	17/6	23/8
Tjøtta	4/7	26/8
Holt	15/7	-

På Vollebekk og Særheim vart det i to av åra i tillegg tatt ein sein tredjeslått i oktober av luserne.

Vêret i forsøksperioden var stort sett bra for engdyrking. Sommaren 1987 var svært kjølig over heile landet, men avlingane var gode. På Austlandsfelta var gjenveksten svak i 1986 grunna lite regn i juni og juli. Vinteren 1987/88 var uvanleg mild, elles var vintrane jamt kalde.

Den botaniske samansetnaden ved slått vart dels bestemt ved skjønn, dels gjennom sortering av prøver. Ved hausting vart det tatt prøver frå kvar rute, og prøvene vart tørka ved 60-70°C i 24-48 timar. Utsorterte prøver av reine belgvekstar og timotei vart analyserte for Kjeldahl-N, oske, trevlar og frå nokre felt eterekstrakt. Det er også analysert for in vitro meltingsgrad etter standard metode (Tilley & Terry 1963). Råproteininnhald er rekna ut som 6,25 x Kjeldahl-

N. Fôreiningkonsentrasjon er rekna ut med trevlefrådrag etter denne formelen (Saue, pers. oppl.):

$$\text{Ffe pr. 100 kg tørrstoff} = ((2,36 \times \% \text{ org. stoff} \times \% \text{ in vitro meltingsgrad av tørrst.}) - (150 \times \% \text{ trevlar})) / 165$$

Det er gjort faktoriell variansanalyse for kvart felt over faktorane gjentak, engår, nitrogengjødsling og blanding. Med unntak av felta på Austlandet (Vollebekk og Apelsvoll) er resultatane frå forsøksserien ikkje trekte saman på grunn av store skilnader mellom stader.

RESULTAT

Avling og botanisk samansetnad

Vollebekk og Apelsvoll

Felta frå 1984 på Vollebekk og Apelsvoll hadde eit høgt innhald av belgvekstar (tab. 3). Luserne gav høgast tørrstoff-

Tabell 3. Avling, kg tørrstoff pr. dekar, og belgvekstar, % av tørrstoffavlinga, i 4 engår. Gjennomsnitt av to N- mengder og av felt på Vollebekk og Apelsvoll med attlegg i 1984

Table 3. Yields (kg dry matter (DM) per 0.1 ha), and legumes in % DM yield in four ley years. Averages of two N rates and of the fields at Vollebekk and Apelsvoll sown in 1984

Blanding Mixture 'Bodin' timotei + <i>Bodin' timothy</i> +	Avling		Yields		Belgvekstar Legumes			
	Engår		Ley year		Engår		Ley year	
	1	2	3	4	1	2	3	4
Raudkl. 'Molstad' <i>Red clover 'Molstad'</i>	1030	810	730	660	72	55	40	13
Raudkl. 'Bjursele' <i>Red clover 'Bjursele'</i>	970	830	780	680	58	37	36	21
Kvitkl. 'Milkanova' <i>White clover 'Milkanova'</i>	740	610	710	590	44	17	26	39
Kvitkl. 'Undrom' <i>White clover 'Undrom'</i>	680	650	690	620	40	14	23	32
Luserne 'Sverre' <i>Lucerne 'Sverre'</i>	1100	910	1020	760	63	62	65	57
Luserne 'Denali' <i>Lucerne 'Denali'</i>	950	780	880	860	50	40	41	47
Kaukasisk strekbelg <i>Goat's rue</i>	880	710	850	790	43	35	43	51

P-verdi <i>P value</i> 1)	<0,05	ns	ns	<0,05	ns	ns	ns	ns
LSD5%	202	-	-	131	-	-	-	-

1) ns: $P > 0,05$

avling på grunn av stor gjenvekst. Førsteslåttene utgjorde 47% for 'Sverre', 50% for 'Peace' og 57% for 'Denali' luserne. Til samanlikning hadde 'Molstad' raudkløver 58% av avlinga i første-slåttene, 'Bjursele' hadde 64% og kvitkløver og strekbelg 65-67%.

Tabell 3 viser at raudkløverledda gav mindre avling og belgvekst del med aukande engalder. Kvitkløver, luserne og strekbelg heldt avling og belgvekstbestand signifikant betre oppe. Strekbelgblandinga gav i gjennomsnitt over 4 engår same avling som raudkløverblandingane, men var underlegen dei to første engåra. Kvitkløverledda gav minst avling trass i god belgvekstbestand. Kvitkløver og luserne hadde i gjennomsnitt 15-20 %-einingar høgare belgvekst del i andre- enn i første-slåttene, raudkløver 10 %-einingar høgare mens strekbelg hadde lik belgvekst del i slåttane. Med unntak for luserne var det helst liten skilnad i avling mellom dei to sortane av kvar art.

Attlegget med strekbelg var som nemnt mislukka i 1985, og plantesetnaden vart nærmast rein timoteieng (tab. 4). Også her minka raudkløverdelen og avlinga med aukande engalder. Luserne og kvitkløver heldt sin del av

avlinga oppe. Samspelet var statistisk sikkert for belgvekst del ($P < 0,05$), men ikkje for avling. Kvitkløverblandingane gav også her lågast avling, men skilnaden til raudkløver var ikkje stor.

Avlingsutslaget av å auke nitrogen-gjødslinga frå 10 til 20 kg/daa var svært lite og ikkje signifikant i felte på Vollebekk og Apelsvoll. Den gjennom-snittlege avlingsauken pr. kg tilført N var såleis berre 1,0 kg tørrstoff på Vollebekk og 3,2 kg på Apelsvoll. Nitrogen-gjødsling verka også lite på den botaniske samansetnaden på Vollebekk. Det gjennomsnittlege innhaldet av belgvekstar var her 53% av tørrstoffet ved 10 kg N og 52% ved 20 kg N. På Apelsvoll var tilsvarande verdiar 32 og 25%. Det var ingen statistisk sikre samspel mellom N-gjødsling og blanding.

Det var lite ugras på felte dei to første engåra. I det tredje, og særleg i det fjerde engåret, tok ugraset seg kraftig opp samstundes som bestanden både av timotei og belgvekstar vart tynna ut. Det var mest ugras i raudkløverledda og spesielt i 'Molstad'. Dei vanlegaste ugrasa var kveke (*Elytrigia repens* Nevski) og løvetann (*Taraxacum* spp.).

Tabell 4. Belgvekstar, % av tørrstoffavlinga, i 3 engår, og tørrstoffavling, kg pr. daa. Gjennomsnitt av to N- mengder, og av felt på Vollebekk og Apelsvoll med attlegg i 1985

Table 4. Legumes (% DM yield), in three ley years, and mean DM yields (0.1 ha^{-1}). Averages of two N rates, and of the fields at Vollebekk and Apelsvoll sown in 1985

Blanding Mixture 'Bodin' timotei + Bodin' timothy +	Belgvekstar Legumes Engår Ley year			Avling Yields
	1	2	3	
Raudkl. Red cl. 'Molstad'	65	35	16	760
Raudkl. Red cl. 'Bjursele'	53	35	32	790
Kvitkl. White cl. 'Milkanova'	25	23	36	710
Kvitkl. White cl. 'Undrom'	21	18	29	720
Luserne Lucerne 'Sverre'	72	73	64	950
Luserne Lucerne 'Peace'	64	56	64	930
Strekbelg Goat's rue	1	4	9	720
P-verdi P value	<0,05	<0,05	<0,05	<0,01
LSD5%	39	33	13	111

Særheim

Her var felte dominerte av timotei, og skilnadene i avling mellom blandingar var små. I dei første to engåra skilde kløverledda seg ut med høgast avling, mens det i fjerde engåret var blandingane med 'Milkanova' kvitkløver og med 'Molstad' raudkløver som skilde seg negativt ut (tab. 5). Av belgvekstane var det mest raudkløver første engåret, men arten gjekk sterkt tilbake alt i andreårsenga. 'Sverre' luserne og 'Milkanova' kvitkløver heldt seg best utover i engåra. Strekbelg gjorde lite av seg. Belgvekstdelen av avlinga var langt høgare i gjenveksten enn i førsteslåtten. Dette var mest tydeleg for kvitkløver, der 'Milkanova' i middel utgjorde 4% av avlinga i førsteslåtten og 29% i andreslåtten.

Auka gjødsling frå 10 til 20 kg N/daa gav i gjennomsnitt 10 kg tørrstoff pr. kg tilført N, men blandingane reagerte ulikt på gjødslinga ($P < 0,01$). Ved 10 kg N gav kløverledda størst avling, mens

skilnadene var små ved 20 kg (tab. 6).

Belgvekstdelen i blandingane gjekk i middel ned frå 11,6% av tørrstoffavlinga ved 10 kg N til 7,8% ved 20 kg N/daa ($P < 0,01$). Det var omtrent ugrasreint dei to første engåra, mens ugraset utgjorde knapt 10% av tørrstoffet i førsteslåtten i fjerdeårsenga.

Tjøtta

Felta på Tjøtta var dominerte av timotei. Avlingsutslaget for nitrogengjødsling var i gjennomsnitt 16 kg tørrstoff pr. kg tilført N i området 10-20 kg N/daa. Middel tørrstoffavling ved 10 kg N var såleis 650 kg og ved 20 kg N 810 kg/daa. For kløver og luserneledda utgjorde belgvekstane 15% av tørrstoffavlinga ved 10 kg N og 7% ved 20 kg N/daa.

Det var ingen statistisk sikre skilnader i tørrstoffavling mellom blandingar. Av belgvekstane var det kløverartane og luserne som gjorde noko av seg. Attlegga med steinkløver og strekbelg lukkast ikkje. Belgvekstinnhaldet

Tabell 5. Avling, kg tørrstoff pr. daa, og belgvekstar, % av tørrstoffavlinga, i 4 engår på Særheim. Middel av to N-mengder. To felt for 1. og 2. engår, eitt felt for 3. og 4. engår

Table 5. Yields (kg DM 0.1 ha⁻¹), and legumes (% of DM yield), in four ley years at Særheim. Two fields for 1st and 2nd ley years, one field for 3rd and 4th ley years

Blanding Mixture 'Bodin' timotei + 'Bodin' timothy +	Avling Engår		Yields Ley year		Belgvekstar Legumes Engår Ley year			
	1	2	3	4	1	2	3	4
Raudkl. 'Molstad' <i>Red clover 'Molstad'</i>	990	960	850	830	27	6	3	8
Raudkl. 'Bjursele' <i>Red clover 'Bjursele'</i>	990	1000	990	920	21	10	6	9
Kvitkl. 'Milkanova' <i>White clover 'Milkanova'</i>	990	930	960	720	20	4	17	22
Kvitkl. 'Undrom' <i>White clover 'Undrom'</i>	910	970	910	840	15	3	2	7
Luserne 'Sverre' <i>Lucerne 'Sverre'</i>	900	910	980	960	9	8	10	12
Luserne 'Denali'/'Peace' <i>Lucerne 'Denali'/'Peace'</i>	850	910	920	880	6	6	4	7
Kaukasisk strekbelg <i>Goat's rue</i>	830	910	890	880	3	5	2	3
P-verdi P value	<0,10		<0,10		<0,05		<0,01	
LSD5%	124	<0,05 44	104	<0,05 133	8	>0,05 9	8	<0,01 5

Tabell 6. Tørrstoffavling, kg pr. daa, ved 10 og 20 kg N/daa. Middell av to felt og seks hausteår på Særheim

Table 6. Yields (kg DM 0.1 ha⁻¹), at 10 and 20 kg N 0.1 ha⁻¹. Average of two fields at Særheim

Blanding Mixture 'Bodin' timotei + 'Bodin' timothy +	N-gjødsling N-fertilization	
	10	20
Raudkl. Red cl. 'Molstad'	900	+ 60
Raudkl. Red cl. 'Bjursele'	950	+ 70
Kvitkl. White cl. 'Milkanova'	900	+ 40
Kvitkl. White cl. 'Undrom'	880	+ 70
Luserne Lucerne 'Sverre'	850	+ 160
Luserne Lucerne 'Denali'/'Peace'	830	+ 120
Kaukasisk strekbelg Goat's rue	790	+ 170

varierte lite mellom engåra og om lag likt for blandingane. Gjennomsnittleg belgvekstinnhald av tørrstoffavlinga over 4 engår var på det eine feltet 13% for 'Bjursele' raudkløver, 4% for 'Undrom' og 2% for 'Milkanova' kvitkløver, og 12% for 'Denali' luserne. På det andre feltet over 2 år hadde 'Molstad' og 'Bjursele' raudkløver 13 og 31% belgvekstar, 'Milkanova' og 'Undrom' kvitkløver 3 og 8% og 'Sverre' og 'Peace' luserne 3 og 20%. Nordlege sortar greidde seg tydeleg betre enn dei med sørlegare opphav. Ein kan merke seg at 'Denali' og 'Peace' luserne utgjorde om lag like mykje av avlinga som raudkløver. Kvitkløveren gjorde svært lite av seg i første-slåtten, men tok seg opp i gjenveksten.

Holt

Også på Holt var felte dominerte av timotei. Det var berre 'Bjursele' raudkløver som greidde seg av belgvekstane. Berre førsteårsenga vart forsøkshausta på to felt, og her var det ingen sikre skilnader i avling mellom rein timotei og raudkløverblandinga. Gjennomsnittsavlinga var på 650 kg tørrstoff/daa. Det var ingen statistisk sikre utslag av å auke N-gjødslinga frå 6 til 12 kg pr. daa. 'Bjursele' utgjorde 14% av avlinga i førsteårsenga og 38% i andreårsenga på det eine feltet, og 6% i førsteårsenga på

det andre feltet.

Kvalitet

Energiverdi

Det var store skilnader mellom reine artar i nettoenergi målt som føreining-konsentrasjon på Vollebekk og Apelsvoll (tab. 7). Verknadene av auka nitrogen-gjødsling og skilnadene mellom sortar av kvar art var små og usikre. Timotei hadde lågare energiverdi enn kløver i første-slåtten og høgare i andre-slåtten. Luserne og strekbelg hadde lågare energiinnhald enn kløver. Innhaldet var spesielt lågt i første-slåtten for strekbelg og i andre-slåtten for luserne. Det var ein tendens til at 'Sverre' luserne hadde litt lågare energiverdi i andre-slåtten enn 'Denali' og 'Peace'. Det vart også tatt nokre få prøver frå tredje-slåtten av luserne på Vollebekk. Energiverdien var her svært høg med eit trevleinnhald på 18% av tørrstoffet og ein føreining-konsentrasjon på 85.

Også på Tjøtta og Holt hadde raudkløver høgare føreining-konsentrasjon enn timotei i første-slåtten (reine artar):

Art	Tjøtta		Holt 1. sl.
	1. sl.	2. sl.	
Timotei	69,6	80,7	65,5
Raudkløver	75,7	78,8	72,0
Kvitkløver	-	77,7	-
Luserne	70,5	68,4	-

På Særheim vart prøvene ikkje delte i timotei og belgvekstar. Kløverblandingane hadde høgast energiverdi i første-slåtten, men lågast i gjenveksten:

	1. sl.	2. sl.
Kløverblandingar	70,6	76,1
Luserne/strekbelgbl.	68,5	80,7

Proteininnhald

Belgvekstane utmerka seg med svært høgt proteininnhald på Vollebekk og Apelsvoll (tab. 8). Kvitkløver hadde sær-

Tabell 7. Föreningar pr. 100 kg tørrstoff (ffe-kons.), og trevlar, in vitro meltingsgrad (IVDMD) og eter-ekstrakt i prosent av tørrstoffet i utsortert timotei og belgvekstar. Middell av Vollebekk og Apelsvoll i 3 år
 Table 7. Food units per 100 kg DM (f.u. conc.), and crude fibres, in vitro digestibility (IVDMD) and ether extract in per cent of DM for separated timothy and legumes. Average of three years at Vollebekk and Apelsvoll

Art Species	Ffe-kons. F.u. conc.		Trevlar Crude fibres		IVDMD		Eterekstr. Ether extr.	
	Slått	Cut	Slått	Cut	Slått	Cut	Slått	Cut
	1	2	1	2	1	2	1	2
Timotei Timothy	72,7	81,3	30,2	24,9	76,2	78,7	3,7	3,8
Raudkløver Red clover	80,9	76,6	21,0	22,0	78,2	75,1	4,1	3,3
Kvitkløver White clover	86,3	78,6	16,9	20,7	80,6	76,1	4,2	3,1
Luserne Lucerne	71,6	64,5	28,5	31,8	75,4	71,6	3,1	2,6
Strekbelt Goat's rue	67,3	72,5	31,1	25,6	72,3	73,3	3,6	2,8
P-verdi P value	<0,0	<0,01	<0,01	<0,01	<0,01	<0,01	<0,05	<0,01
LSD5%	2,2	4,0	1,7	2,8	1,0	1,9	0,5	0,4

leg høgt proteininnhald i førsteslått. Sortsskilnadene var små, men i luserne og raudkløver var det ein tendens til ca. 1 %-eining høgare proteininnhald i andreslått hos sortar av nordleg opphav. Tredjeslått av luserne hausta i oktober inneheldt 25% protein.

På Tjøtta inneheldt rein timotei berre 8-9% protein av tørrstoffet i første- og 13-14% i andreslått. Til samanlikning hadde raudkløver og luserne 17% protein i første- og 20% i andreslått. På Særheim gjeld analysen for blandingar, og kløverblandingane hadde tydeleg

Tabell 8. Innhald av råprotein og oske i prosent av tørrstoffet or utsortert timotei og belgvekstar. Middeltal over tre år for Vollebekk og Apelsvoll
 Table 8. Contents of crude protein and ash (% DM) for timothy and legumes, separately. Average of three years at Vollebekk and Apelsvoll

Art Species	N-gjødsling N fertilization kg per 0.1 ha	Protein		Oske Ash	
		Slått	Cut	Slått	Cut
		1	2	1	2
Timotei Timothy 10		13,2	14,2	8,1	7,9
Timotei Timothy 20		14,8	14,8	8,1	7,6
Raudkløver Red clover		19,6	18,2	10,6	10,1
Kvitkløver White clover		24,6	21,8	11,8	10,4
Luserne Lucerne		18,9	17,2	9,5	8,7
Strekbelt Goat's rue		19,6	21,2	7,5	8,7
P-verdi P value		<0,01	<0,01	<0,01	<0,01
LSD5%		1,7	1,9	0,7	1,1

høgast proteininnhald:

	1. sl.	2. sl.
Kløverblandingar	10,8	17,4
Luserne/strekbelgbl.	9,6	13,7

Oskeinnhald

Tabell 8 viser at kløverartane inneheldt meir oske enn luserne, strekbelg og timotei på Vollebekk og Apelsvoll. Strekbelg hadde særleg lågt oskeinnhald i førsteslåtten. På Tjøtta inneheldt kløver og luserne 9-10% oske av tørrstoffet i førsteslåtten, mens timotei hadde berre 5%. I andreslåtten var innhaldet 11% for kløver, 9% for luserne og 7% for timotei. På Holt vart det analysert for ulike mineral i 'Bjursele' raudkløver og 'Bodin' timotei. Mineralinnhaldet målt i prosent av tørrstoffet var:

	P	Mg	Ca	K
Timotei	0,22	0,07	0,19	2,17
Raudkløver	0,30	0,23	1,31	2,96

Raudkløver inneheldt tre gonger meir magnesium og sju gonger meir kalsium enn timotei.

Tørrstoffinnhald

I førsteårsenga hadde blandingar med raudkløver opptil 5 %-einingar lågare

tørrstoffinnhald enn blandingar med luserne og strekbelg (tab. 9). Tørrstoffprosenten endra seg i takt med den botaniske samansetnaden. Skilnaden mellom blandingar var borte i førsteslåtten tredje engåret. Skilnadene mellom kløverblandingar og luserne/strekbelgblandingar var jamt over større i andre- enn i førsteslåtten. Skilnadene mellom sortar var små, men blandingane med 'Milkanova' kvitkløver hadde lågare tørrstoffinnhald enn dei med 'Undrom' i andreslåtten.

Belgvekstar i reinbestand

På Vollebekk og Særheim vart belgvekstane også prøvde i reinbestand utan nitrogen gjødsling. Luserne, kvitkløver og strekbelg heldt avlingane godt oppe, mens raudkløver gav mindre avling etter kvart som enga vart eldre ($P < 0,05$) (tab. 10).

I middel over 4 år gav luserne størst, og kvitkløver minst tørrstoffavling på Vollebekk, mens skilnadene var mindre på Særheim:

	Vollebekk	Særheim
Raudkløver	600	650
Kvitkløver	370	510
Luserne	860	660
Strekbelg	660	580

Tabell 9. Tørrstoffinnhald (%) i avlinga frå tre engår. Middel av to felt på Vollebekk, Apelsvoll og Særheim

Table 9. *Herbage dry matter percentage in three ley years. Average of two fields at Vollebekk, Apelsvoll and Særheim*

Blanding Mixture 'Bodin' timotei + 'Bodin' timothy +	1. engår 1st ley year		2. engår 2nd ley year		3. engår 3rd ley year	
	Slått Cut		Slått Cut		Slått Cut	
	1	2	1	2	1	2
Raudkløver Red clover	16,1	16,3	16,3	19,2	18,2	17,3
Kvitkløver White clover	17,9	18,3	17,8	21,3	19,4	17,1
Luserne Lucerne	19,8	21,3	17,9	21,8	18,6	20,2
Strekbelg Goat's rue	19,8	22,2	18,4	22,1	18,9	18,6
P-verdi P value	<0,01	<0,01	<0,01	<0,01	>0,05	<0,01
LSD5%	0,9	1,7	1,0	1,2	1,1	1,2

Tabell 10. Avling, kg tørrstoff pr. daa, og ugras i prosent av tørrstoffavlinga i fire engår. Middell av to felt på Vollebekk og Særheim

Table 10. Yields (kg DM 0.1 ha⁻¹), and weeds in percent of DM yield in four ley years. Average of two fields at Vollebekk and Særheim

	Avling Yields				Ugras Weeds			
	Engår Ley year				Engår Ley year			
	1	2	3	4	1	2	3	4
Raudkl. <i>Red cl.</i> 'Molstad'	850	630	520	520	2	10	31	52
Raudkl. <i>Red cl.</i> 'Bjursele'	760	610	600	480	2	10	23	46
Kvitkl. <i>White cl.</i> 'Milkanova'	460	330	500	470	4	26	26	38
Kvitkl. <i>White cl.</i> 'Undrom'	440	350	490	490	4	26	26	44
Luserne <i>Lucerne</i> 'Sverre'	840	790	790	700	3	7	17	26
Luserne <i>Luc.</i> 'Denali'/'Peace'	770	730	710	760	4	12	25	31
Strekbelg <i>Goat's rue</i>	550	580	680	680	20	21	30	29

Strekbelg kom seinare i gang med veksten og hadde meir ugras i starten enn dei andre artane. Ugrasinnhaldet auka sterkt utover i engåra for alle artane, og auken var sterkast for raudkløver. Tørrstoffprosenten var høgast i luserne og lågast i kløver. Gjennomsnittsverdiene var 14% i raudkløver, 15% i kvitkløver, 19% i strekbelg og 20% i luserne.

DRØFTING

Felta på Austlandet hadde svært mykje belgvekstar, og dette kom mykje av attleggsmåten. Vårsåing utan dekkvekst og blanding med 'Bodin' timotei, som har svak vekst utover ettersommaren, gav kraftig utvikling av belgvekstane i såingsåret. På Særheim og på felta i Nord-Noreg greidde timoteien seg betre. Det dårlege tilslaget av belgvekstar på Vågønes og Holt kan skuldast overvintringsskadar, men dårleg vekst i såingsåret kan også ha verka inn. Timotei spirer raskare og veks betre enn belgvekstane ved låge temperaturar. Mange av belgvekstane hadde små og kua plantar som truleg ikkje fekk samla nok opplagsnæring til å greie vinteren.

Raudkløverbestanden gjekk sterkt ned med aukande engalder på felta i Sør-Noreg (tab. 3-5). Årsaka til dette var overvintringsskadar. Raudkløverblan-

dingane gav stor avling det første engåret, men avlingane fall sterkt med aukande alder (tab. 3). Timoteien vart sett tilbake av kløveren i starten og greidde berre i liten grad å ta over plassen etter kvart som kløveren gjekk ut. Sterk avlingsnedgang med aukande alder i kløverrik eng er funnen i mange forsøk, til dømes av Ingebrigtsen (1959) og Grønnerød (1987). Raudkløverdominert eng høver derfor ikkje til meir enn to- til treårig eng. Den nordlege sorten 'Bjursele' greidde seg uventa godt på felta i Sør-Noreg (tab. 3-5). 'Molstad' gav større avling i det første engåret, men seinare hevda 'Bjursele' seg godt på grunn av betre overvintring. Raudkløver var den einaste belgveksten som greidde seg på Holt. Hardsføre sortar av raudkløver kan dyrkast også i Finnmark (Andersen 1973), men da helst på mineraljord med gode overvintringsforhold. På Tjøtta og Holt var 'Bjursele' meir varig enn på felta i Sør-Noreg. Tettare bestand av raudkløver i andre enn i første engåret er ikkje uvanleg nordafjells (Brun 1958, Valberg 1968, Foss 1971). Her kan raudkløver halde ut i tre- til fireårig eng.

Raudkløver hadde høg kvalitet. Energiverdien var høgare enn hos timotei i førsteslåtten, men lågare i andreslåtten (tab. 7). Det same fann Øyen & Aase (1988). Dessutan er proteininn-

haldet høgt, tørrstoffavlinga stig med utsett hausting og energiverdien går seinare ned enn for graseng. Derfor bør ikkje kløverrik eng haustast for tidleg i førsteslåtten. Tuveson (1986) rår til å hauste til ensilering når kløveren startar knoppdanninga.

Kvitkløver blir i Danmark og Storbritannia brukt saman med engelsk raigras (*Lolium perenne* L.) og blir beita eller slått mange gonger i sesongen. Kvitkløveren er lågvaksen og teclar dårleg med høgt gras om lyset. Derfor har han greidd seg betre ved tidleg enn ved sein førsteslåt i blandingar med timotei (Øyen 1988). I forsøka som er lagde fram her, gjorde kvitkløveren lite av seg i førsteslåtten, men kom betre i gjenveksten. Bestanden av kvitkløver heldt seg godt oppe med aukande engalder. Avlinga var låg på Vollebekk og Apelsvoll, men større på Særheim (tab. 3, 4, 5 og 10). Kvitkløveren produserte særleg lite i tørkeperiodar, og han høver nok best på stader med god vassforsyning og lang veksetid. Kvaliteten av kvitkløver var særleg god både med omsyn til energi, protein og oskeinnhald.

Luserne gav størst avling av belgvekstane på Vollebekk og Apelsvoll (tab. 3 og 4). Også mange andre forsøk viser at luserne kan gi store avlingar på Austlandet (Johansen & Vestad 1960, Skaare & Johansen 1963, Vestad 1972, Mosland 1987). Luserne hadde tynnare bestand og gav mindre avling enn kløver i starten på Særheim (tab. 5). På Tjøtta gav 'Denali' og 'Peace' luserne like god bestand som 'Bjursele' raudkløver. Øyen (1988) melder også om bra tilslag av 'Sverre' luserne på Kvithamar i Nord-Trøndelag. Dette tyder på at dyrkingsområdet for luserne kan utvidast ved bruk av hardføre sortar.

Proteininnhaldet i luserne var høgt, men energiverdien lågare enn i timotei og raudkløver (tab. 7 og 8). Dette er også vist i svenske forsøk (Jönsson 1982, Frankow-Lindberg 1985). Det er den trevlerike stengelen som senkar energiverdien. For å oppnå høg energiverdi,

må det ikkje haustast for seint, og på Sør-Austlandet må luserne da haustast tre gonger i sesongen. Spørsmålet er så om dette kan kombinerast med god overvintring.

Blandingar med kaukasisk strekbelg gav i middel over fire år like stor tørrstoffavling som dei med raudkløver på Vollebekk og Apelsvoll, men avlingane var mindre dei to første engåra (tab. 3). Alle attlegg med arten i 1985 var dårlege, og årsaka var truleg lite effektiv bakteriesmitte. Plantane spirte bra, men vart bleikgrøne utan effektive rotknollar. Likevel tok bestanden seg opp frå 1% i førsteårsenga til 9% i tredjeårsenga (tab. 4). I reinbestand gav strekbelg større middellavling enn raudkløver på Vollebekk, og avlingar på 6-700 kg tørrstoff/daa er like store som i finske forsøk (Mäkäräinen et al. 1985). Strekbelg gav jamne avlingar frå år til år, og i blandingane var innhaldet også jamt mellom slåttar. Stengelen er trevlerik som hos luserne, og energiverdien var lågare enn i timotei og raudkløver (tab. 7). Utviklinga går fort på våren, og førsteslåtten bør ikkje haustast seinare enn ved byrjande blomstring. Etter finske forsøk bør andreslåtten haustast rundt 70 dagar seinare (Mäkäräinen et al. 1985). Strekbelg er bladrik, og proteininnhaldet er høgt (tab. 8).

To steinkløverartar vart prøvde på Tjøtta og Vågønes, men attlegga lukkast ikkje. Steinkløver vart for lite prøvd i desse forsøka til å seie noko nærare om dyrkingsverdien.

I denne granskninga var avlingsauken for nitrogengjødsling liten på felt med høgt belgvekstinnhald i avlinga. På Særheim var utslaget for nitrogen minst i kløverblandingane (tab. 6). Resultata tyder på at 10 kg nitrogen er nok til blandingar med mykje belgvekstar. Det er som regel lønsamt å gjødsle noko med nitrogen sjølv til kløverrik eng. Ingebrigtsen (1959) fekk store utslag i høyavlinga av små mengder kalksalpeter i forsøk på Austlandet. Fire kg nitrogen gav meiravlingar på 27 og 43

kg høy/kg N i første- og andreårsenga. I intervallet 4-12,5 kg N var tilsvarande meiravlingar 18 og 11 kg. I tredjeårsenga var utslaga større. Det var negativ korrelasjon mellom avlingsauke for N-gjødsling og kløverinnhald, men sjølv ved 50% kløver var N-gjødsling lønsamt. Grønnerød (1987) fekk meiravlingar på 18-25 kg tørrstoff/kg N i området 0-10 kg N i kløverrik eng. Frå 10 til 20 kg N var utslaga små, 3-4 kg tørrstoff/kg N, dei to første engåra, og 10 kg i tredje engår.

Dei resultatane som er omtala her, viser at andre belgvekstar enn raudkløver er aktuelle i norsk engdyrking. Kvitkløver har svært høg kvalitet, men høver dårleg i blandingar med timotei til slått. I beitefrøblandingar og ved kombinert slått/beitebruk kan kvitkløver få ein plass på stader med lang veksetid og god vasstilgang. Ei ulempe her er mangelen på norske sortar, men dei beste svenske og danske sortane bør vere brukbare.

Luserne har stor produksjonsevne, og spesielt er evna til å gi gjenvekst under tørre forhold verdfull. Luserne må ikkje haustast for seint dersom ein vil ha høgt energiinnhald i føret. Resultata frå Tjøtta viser at hardføre sortar kan vekse godt også utanfor Austlandet, men arten set store krav til jorda.

Strekbelg kan neppe konkurrere med raudkløver i kortvarig eng, men der engane skal ligge lenger enn tre år, kan blandingar av strekbelg og gras høve godt. Arten er svært lyskrevjande og bør såast tidleg på våren utan dekkvekst (Mäkäräinen et al. 1985). Er veksten i såingsåret for svak, blir det ikkje danna jordstenglar som er viktige for overvint-ringa. På felta i Nord-Noreg, og delvis på Særheim, var tilslaget av strekbelg dårleg. Årsaka til dette bør klårleggjast. Det kan også vere grunn til meir omfattande dyrkingsforsøk med denne arten som ein kjenner lite til her i landet. Ein fordel med strekbelg er at frøavlenn ser ut til å gå godt på Austlandet.

SAMANDRAG

Raudkløver, kvitkløver, luserne og kaukasisk strekbelg vart dyrka i blanding med 'Bodin' timotei på 6 stader. Felta vart stort sett hausta to gonger årleg med førsteslått ei veke etter skyting hos timotei. Det vart brukt to nitrogengmengder, 10 og 20 kg N/daa, med attlegg på våren utan dekkvekst.

På Austlandsfelta Vollebekk og Apelsvoll var det svært mykje belgvekstar. Blandingar med luserne gav i middel størst tørrstoffavling med 920 kg/daa. Raudkløver- og strekbelgblandingane gav i middel 800 kg tørrstoff/daa, og kvitkløverblandingane berre 680 kg. Raudkløverblandingane gav stor avling i førsteårsenga, men avlingane gjekk nedover etter kvart som bestanden vart tynna ut. Gjødsling ut over 10 kg N/daa gav liten og usikker avlingsauke.

På Særheim dominerte timoteien, og det var under 30% belgvekstar i blandingane. Kløverblandingane gav størst avling dei to første engåra, men også her gjekk avlingane av raudkløver ned med aukande engalder. Avlingsauken for gjødsling ut over 10 kg N/daa var minst for kløverblandingane.

Også på felta i Nord-Noreg dominerte timoteien. På Tjøtta utgjorde 'Bjursele' raudkløver og lusernesortane 'Denali' og 'Peace' 10-30% av tørrstoffavlinga. På Vågønes var attlegga med belgvekstar mislukka, og på Holt var det berre 'Bjursele' raudkløver som greidde seg.

Belgvekstane vart også prøvde i reinbestand utan nitrogengjødsel på Vollebekk og Særheim. Raudkløver gav også her mindre avling etter kvart som engane vart eldre. I middel over 4 engår gav luserne 760 kg, raudkløver og strekbelg 620 kg og kvitkløver 440 kg tørrstoff pr. daa. Luserne gav størst og kvitkløver minst avling på Vollebekk. Skilnadene mellom artane var mindre på Særheim.

Kvalitetsanalysar vart tatt av reine artar. Timotei hadde lågare innhald av nettoenergi enn kløver i førsteslåtten og høgare i andreslåtten. Strekbelg hadde lågast energiverdi i førsteslåtten og lusernerne i andreslåtten. Belgvekstane hadde svært høgt proteininnhald, og oskeinnhaldet var høgast i kløverartane.

Forsøka viser at andre belgvekstar enn raudkløver er aktuelle i norsk engdyrking. Kvitkløver har svært høg forverdi og høver best ved intensiv hausting på stader med lang veksetid og god vasstilgang. Luserne har høgt avlingspotensial, og resultatata frå Tjøtta tyder på at dyrkingsområdet kan utvidast ved å bruke hardføre sortar. Strekbelg ser ut til å vere varig og kan bli eit alternativ til raudkløver, men arten må prøvast meir for å fastsetje dyrkingsverdien nærare. Nitrogengjødsling ut over 10 kg/daa gav små og usikre avlingsutslag på felt med høgt belgvekstinnhald.

ETTERORD

Takk til Statens forskingsstasjonar i landbruk for godt samarbeid og god hjelp med utføringa av forsøket, og til professor Birger Opsahl for verdfulle råd under arbeidet.

LITTERATUR

- Andersen, I.L. 1973. Overvintring, varighet og ytelse hos ulike kløversorter i Troms og Finnmark. *Forskning og forsøk i landbruket* 24: 667-679.
- Brun, L.H. 1958. Forsøk med engvekster og engdyrking på Statens forsøksgard Voll 1939-1956. *Forskning og forsøk i landbruket* 9: 103-171.
- Foss, S. 1971. Forsøk med frøblandinger til eng. *Forskning og forsøk i landbruket* 22: 479-491.
- Frankow-Lindberg, B.E. 1985. Frøblandningsforsøk med lusern. Sveriges Lantbruksuniversitet. Institutionen för växtodling. Rapport 152. 25 s.
- Grønnerød, B. 1987. Gras med og uten rødkløver ved stigende mengder nitrogengjødsel. s. 186-194 i NLVF SFL. Dyrking og utnyttning av forvekster II, 1987.
- Ingebrigtsen, S. 1959. Gjødsling til kløverrikk eng. *Forskning og forsøk i landbruket* 10: 159-206.
- Johansen, Ø. & R. Vestad 1960. Forsøk med lusernestatmer. *Forskning og forsøk i landbruket* 11: 507-517.
- Jönsson, N. 1982. Blålusern. Resultat av odlings-tekniska försök. Sveriges Lantbruksuniversitet. Institutionen för växtodling. Rapport 99. 33 s.
- Moe, R. 1852. De norske fodervæxter. Christiania 1852. 181 s.
- Mosland, A. 1987. Engfrøblandinger av rødkløver, luserne, bladfaks, timotei og engsvingel. *Norsk landbruksforskning* 1: 97-102.
- Mäkäräinen, E., P. Kansanen, T. Korttesmaa & E. Varis 1985. Rehuvuohenherneen viljelyominaisuudet ja käyttöarvo. The cultivation properties and the utility value of goat's rue. Suomen itsenäisyyden juhluvuoden 1967 rahasto. Julkaisu 14. 72 s.
- Randby, Å.T. 1988. Surför av graseng med eller uten rødkløver til mjølkekyr. s. 83-88 i NJF. Vallbaljväxter. Odling och utnyttjande. NJF-seminarium Nr 136. Århus, Danmark 26-28 september 1988.
- Skaare, S. & Ø. Johansen 1963. Engblandingsforsøk med luserne, rødkløver og diverse grasarter. *Forskning og forsøk i landbruket* 14: 671-695.
- Tilley, J.M.A. & R.A. Terry 1963. A two stage technique for the in vitro digestion of forage crops. *Journal of the British Grassland Society* 18: 104-111.
- Tuuvesson, M. 1986. Skördetidsförsök med rødkløver - gräsvall. Sveriges Lantbruksuniversitet. Grovfoder 5: 61-77.
- Valberg, E. 1968. Forsøk med grasarter og frøblandinger til grasmark i Nordland fylke. *Forskning og forsøk i landbruket* 20: 213-256.
- Varis, E. 1986. Goat's rue (*Galega orientalis* Lam.), a potential pasture legume for temperate conditions. *Journal of agricultural Science in Finland* 58: 83-101.
- Vestad, R. 1972. Engfrøblandingsforsøk med luserne, rødkløver, timotei, hundegras og bladfaks på Sør-Østlandet. *Forskning og forsøk i landbruket* 23: 287-322.
- Øyen, J. 1988. Engbelgvekster: Virkning av høstetid på avling, botanisk sammensetning og forverdi. s. 53-58 i NJF. Vallbaljväxter. Odling och utnytt-

jande. NJF-seminarium Nr 136, Århus, Danmark
26-28 september 1988.

Øyen, J. & K. Aase 1988. Rødkløver i blanding med
gras. Norsk landbruksforskning 2: 41-49.

UTVIKLINGA HOS PLENGRAS I SÅ- INGSÅRET

Development in turf grasses during the seedling year

STEINAR BØ

Kvithamar forskingsstasjon, Stjørdal, Norge
Kvithamar research station, Stjørdal, Norway

Bø, S. 1989. Development in turf grasses during the seedling year. Norsk landbruksforskning 3:39-48. ISSN 0801-5333.

In 1986, 68 cultivars of five turf grass species were sown for variety testing at five sites throughout the country. It was found that there are significant differences in number of days from sowing to emergence, and in ground cover in September between sites, species and, with the exception of *Lolium perenne*, between cultivars. There is weak or no correlation between the number of days to emergence and the ground cover in September. *Lolium perenne* emerges 10-12 days after sowing and has nearly 100% ground cover. *Poa pratensis* emerges 15 - 27 days after sowing and has 28 to 84% ground cover. *Festuca rubra* spp., *Festuca ovina* spp. and *Agrostis tenuis* emerge and have ground cover somewhere between that of *Lolium perenne* and *Poa pratensis*. There are significant correlations between the observations of ground cover, sward density and general impression in the autumn.

Key words: Turf grass, establishment

Steinar Bø, Kvithamar Research Station, N-7500 Stjørdal, Norway

Etter oppmodning frå Statens planteavlslråd sette Statens forskingsstasjonar i landbruk i gang ein ny serie verdiprøving i gras til grøntanlegg i 1986. Hovudmålet med verdiprøvinga er å finne ut om sortane har så stor dyrkingsverdi at planteavlslrådet kan føre dei opp i liste over jord- og hagebruksvekster godkjent for avl under offentleg kontroll. Foredlarar og frøfirma vart invitert til å melde inn sortar til prøving. I tillegg til dei innmeldte sortane vart målesortar og nokre andre tatt med.

Viktigaste kravet til plen gras i såingsåret er at det dekker det tilsådde arealet fort. Rask spiring og rask vidarevekst er derfor avgjerande eigenskapar.

I tidlegare sortsprøving av plen gras (Håbjørg 1976 og 1980, Bø 1987) var registreringane frå såingsåret noko mangelfulle. Ved utarbeiding av nye retningslinjer for prøvinga vart det vedtatt å gjere meir omfattande observasjonar. Det er desse det blir gjort greie for i denne meldinga.

MATERIALE OG METODAR

I 1986 vart det sådd fire plenfelt i Sør-Norge med 25 sortar engrapp, 24 sortar raudsvingel, 4 sortar engkvein, 5 sortar sauesvingel og 10 sortar fleirårig raigras, og eitt felt i Tromsø der raigras

ikkje var med. Forsøksstadene går fram av tabell 1, som også inneheld ymse opplysningar om felta. Rutestorleiken var 1,5 m x 2 m. Sortane var tilfeldig fordelt i tre gjentak på felta.

Frøet av dei fleste sortane vart levert av eigarane. I tabellane 3-7 er koden deira brukt (OECD 1986). For å så tilnærma likt frøtal pr. arealeining vart følgjande frømengder pr. 100 m² brukt: Engrapp 833 g, raudsvingel 2500 g, engkvein 500 g, sauesvingel 1333 g og raigras 3000 g. Frøet vart breisådd og deretter raka og tromla ned.

Spiredato og helhetsinntrykk ved klipping vart observert av dei lokalt ansvarlege for felta. Prosjektansvarleg observerte plantedekning, heilhetsinntrykk og skot-tetthet om hausten på alle felta. Spiretid er talet på dagar frå såing

til spiredato. Dekninga vart vurdert på skjøn i prosent av ruteplata og delt på sådd gras (til prøving), andre gras og tofrøblada planter. Der det var opne flekkar og svært glissent plantedekke vart summen mindre enn 100. Heilhetsinntrykk og skot-tetthet vart observert på skjøn i skalaen 0-9 der 9 var best, og verdiar over 6 stod for god plen. Dei enkelte karakterane er nærare omtalt i retningslinene (Statens planteavlrsråd 1986).

RESULTAT

Samanlikning av artane

Samanlikninga er basert på middeltala for kvart gjentak. Seinare blir det vist at

Tabell 1. Opplysningar om felta i såingsåret
Table 1. Information about the trials in the seedling year

Forsøks- stader <i>Experim. sites</i>	Jordart <i>Soil type</i>	Gjødsling kg/daa <i>Fertilizer kg/daa</i>			Sådato <i>Date of sowing</i>	Temperatur ¹⁾ <i>Temperature</i> Nedbør ²⁾ <i>Rainfall</i>
		N	P	K		
SFL Særheim KLEPP	Moldhaldig sandjord <i>Sandy soil</i>	30 kg Fullgj. 25-3-6 7,4 0,9 1,8			3.juli 3rd <i>July</i>	11,7°C -2,2°C 446mm 139%
Inst. f. hagebruk NLH Ås	Moldhaldig sandjord <i>Sandy soil</i>	40 kg 15-4-12 + 16 kg kalksalp. 8,3 1,6 4,8			5.juni 5th <i>June</i>	13,6°C -0,9°C 211mm 61%
SFL Løken VOLBU	Moldhaldig sandjord <i>Sandy soil</i>	50 kg Fullgj. A 6,9 3,0 7,9			6.juni 6th <i>June</i>	10,7°C -0,7°C 213mm 80%
SFL Kvithamar STJØRDAL	Moldrik mellomleire <i>Silt loam</i>	60 kg Fullgj. C + 20 kg kalksalp. 12,6 4,0 7,1			3.juli 3rd <i>July</i>	11,4°C -1,7°C 307mm 128%
SFL Holt TROMSØ	Moldhaldig sandjord <i>Sandy soil</i>	60 kg Fullgj. 18-3-15 10,8 1,6 9,0			11.juni 11th <i>June</i>	9,2°C -1,0°C 210mm 90%

1) Middeltemperatur frå sådato til 30.september, og avviket frå normalen 1931-60 for same periode.
The mean temperature from the date of sowing to 30th September, and the deviation from the normal (1931-60) for the same period.

2) Nedbør frå såingsdato til 30.september, og nedbøren i % av normalen 1931-60 for same periode.
Rainfall from the date of sowing to 30th September, and the rainfall as a percentage of the normal (1931-60) for same period.

det var til dels store forskjellar på sortane innan kvar art. Skilnadene mellom artane er derfor noko avhengig av sortane som vart prøvde.

Spiretid

Spiredatao vart ikkje observert på Holt. Elles var det signifikant forskjell ($P < 0,001$) på spiretida både mellom artar og forsøksstader. Like eins var det tydeleg samspel ($P < 0,001$) mellom artar og forsøksstader. I middel for felte spira raigras på 11 og engrapp på 20 dagar. Forskjellen mellom artane var berre 4 dagar på Ås, men heile 17 dagar på Løken. Spiretida for dei andre artane låg mellom desse ytterpunktta (tabell 2).

Dekning av sådd gras om hausten

Det var signifikant forskjell ($P < 0,001$) mellom artane og mellom forsøksstadene, og signifikant samspel ($P < 0,001$) mellom desse. Etableringa var best på Kvithamar og Holt, dårlegast på Løken (tabell 2). Raigraset dekte mest 100% av rutene alle stader. Engrapp hadde dårlegast dekning, i middel 58%, og størst variasjon, frå 28% på Løken til 84% på Kvithamar. Den dårlege dekninga av sauesvingel på Løken skuldast mykje ein sort.

Heilhetsinntrykk og skot-tetthet

Heilhetsinntrykket observert av lokalt ansvarlege om sommaren og av prosjektansvarleg om hausten samsvara godt (korrelasjonskoeffisient $r = 0,84$ $P < 0,001$). Like eins var det svært godt samsvar mellom heilhetsinntrykk og skot-tetthet om hausten ($r = 0,93$ $P < 0,001$). For desse variablane var det signifikante skilnader ($P < 0,001$) mellom artar og mellom stader, og signifikant samspel ($P < 0,001$) for tettheten mellom art og stad.

Middelverdien for heilhetsinntrykket var under seks for engrapp og sauesvingel (tabell 2). På Løken hadde berre raigraset verdi over seks. Engrappsortane hadde verdi over seks berre på Kvithamar. Samspelet for skot-tettheten

kom mykje av at kvein var svært tett på Kvithamar og at engrapp var lite utvikla på Løken, samanlikna med dei andre stadene.

Dei enkelte artane

Engrapp

Det var signifikant forskjell ($P < 0,001$) på spiretida både mellom forsøksstader og mellom sortar, men ikkje signifikant samspel mellom dei. Spiretida var kortast i Ås, og lengst på Løken (tabell 2). Variasjonen mellom sortane var fem dagar (tabell 3). Alle sju sortane frå Holt (N10) spira fort eller middels fort. Mellom dei som spira fort var 'Baron' og tre andre sortar frå hollandske (NL) eigarar. 'Petit' og 'Touchdown' var mellom dei seks som spira seinast.

